DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 59

(2007–2008)

## Om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

# Innhold


1 **Innleiing** ... 5

2 **Endringar i reglane for private arbeidsoppdrag i heimen mv.** ... 6
2.1 Innleiing ... 6
2.2 Auking av grensa for fritak for arbeidsgivaravgift for anna arbeid enn pass av barn under 12 år og barn med særlege behov ... 6
2.3 Auking av grensa for årleg avrekning av forskotstrekk for anna arbeid enn pass og stell av barn under 12 år og barn med særlege behov ... 6
2.4 Auking av grensa for forenkla oppgjersordning ... 6

3 **Auking av fiskerfrådrag** ... 7

4 **Reiarlagskatteordninga** ... 8
4.1 Innleiing ... 8
4.2 Forlenging av tidsperioden for overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga (overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107) ... 9
4.2.1 Gjeldande rett ... 9
4.2.2 Vurderingar og forslag frå departementet ... 9
4.3 Omgåing av reglane om inntektsoppgjer ... 10
4.3.1 Gjeldande rett ... 10
4.3.2 Vurderingar og forslag frå departementet ... 10
4.4 Konsernintern overføring til selskap innafor reiarlagskatteordninga ... 11
4.5 Skattlegging av driftsmidlar, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap ved sal eller utsteg av reiarlagskatteordninga innan tre år etter at selskapet steig inn i ordninga ... 12
4.6 Korreksjonsinntekt ved utdeling av ikkje skattlagt kapital ... 12
4.7 Økonomiske og administrative verknader ... 13

5 **Endring av betalingsordninga for petroleumsskatt** ... 14
5.1 Innleiing ... 14
5.2 Gjeldande rett ... 14
5.3 Merknader frå høyringsinstansane ... 14
5.4 Vurderingar og framlegg frå departementet ... 15
5.5 Økonomiske og administrative følgjer ... 15
5.6 Iverksetjing ... 15

6 **Heimel for likningsstyresmaktene til å innhente kontrollopplysningar om bruk av utanlandske betalingskort** ... 16
6.1 Innleiing og samandrag ... 16
6.2 Bakgrunn ... 16
6.3 Gjeldande rett ... 16
6.4 Høyring ... 18
6.5 Vurderingar og forslag frå departementet ... 19
6.6 Økonomiske og administrative konsekvensar ... 22

7 **Endringar i likningslova for fiske- og fangstnæringa** ... 23
7.1 Innleiing ... 23
7.1.1 Høyring ... 23
7.2 Innrapportering frå fiskesalslaga ... 23
7.2.1 Innleiing ... 23
7.2.2 Bakgrunn ... 23
7.2.3 Høyring ... 24
7.2.4 Vurderingar frå departementet ... 25
7.2.5 Økonomiske og administrative konsekvensar ... 25
7.2.6 Forslag frå departementet ... 25
7.3 Gebyr ved for seint eller ikkje innlevert lønns- og trekkoppgåve innan fiske- og fangstverksemd ... 26
7.3.1 Innleiing ... 26
7.3.2 Bakgrunn for forslaget ... 26
7.3.3 Høyring ... 26
7.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet ... 26
7.3.5 Økonomiske og administrative konsekvensar ... 27

**8 Omtale av skattefritaket for gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap** ..... 28

**9 Omtale av forholdet mellom pensjonsbegrepet og personinntektsbegrepet i skattelova** ..... 29

**10 Oppretting av feil og klargjering av lovtekst** ..... 30
10.1 Endring i skattelova § 2–38 for å presisere at europeiske selskap og europeiske samvirkeforetak omfattast av fritaksmetoden ..... 30
10.2 Lov om likningsforvaltning ..... 30
10.3 Bokføringspålegg og tvangsmulkt på vilkår ved brot på bokføringslovgivinga ..... 30
10.4 Lov om meirverdiavgift ..... 31
10.5 Lov om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen ..... 31
10.6 Petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd ..... 31
10.7 Lov om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard ..... 32
10.8 Lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skattelova) ..... 32

**Forslag til lov om endringar i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard** ..... 34

**Forslag til lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift** ..... 35

**Forslag til lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.** ..... 36

**Forslag til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)** ..... 37

**Forslag til lov om endring i lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen** ..... 38

**Forslag til lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)** ..... 38

**Forslag til lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)** ..... 39

**Forslag til lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)** ..... 40

DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 59

(2007–2008)

# Om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 15. mai 2008,*
*godkjend i statsråd same dagen.*
*(Regjeringa Stoltenberg II)*

## 1 Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram forslag til:

- lov om endringar i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard
- lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endring i lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I proposisjonen inngår:

- Forslag til endringar i reglane for private arbeidsoppdrag i heimen
- Forslag til auking av fiskerfrådrag
- Forslag til endringar i reiarlagsskatteordninga
- Forslag til endring av betalingsordninga for petroleumsskatt
- Forslag til endring i heimel for likningsstyremaktene til å innhente kontrollopplysningar om bruk av utenlandske betalingskort
- Forslag til endringar i likningslova for fiske- og fangstnæringa
- Omtale av skattefritaket for gjensidig brann- og husdyrforsikingsselskap
- Omtale av forholdet mellom pensjonsbegrepet og personinntektsbegrepet i skatteloven
- Forslag til oppretting av feil og klargjering av lovtekst

# 2 Endringar i reglane for private arbeidsoppdrag i heimen mv.

## 2.1 Innleiing

For private arbeidsgivarar gjeld det fleire unntak og forenkla ordningar i reglane om arbeidsgivaravgiftsplikt og oppgjer av skattetrekk. Regelverket kan likevel vere vanskeleg å skaffe seg oversikt over, mellom anna fordi det består av fleire forskjellige beløpsgrenser for når dei ulike ordningane kan nyttast. Departementet ønskjer å forenkle reglane på dette feltet slik at dei ulike beløpsgrensene samordnast på ein betre måte. Endringane fører med seg at denne typen oppdrag vil ha ei felles beløpsgrense og blir enklare for private arbeidsgivarar. Endringane kan truleg bidra til å redusere omfanget av svart arbeid i privatmarknaden.

## 2.2 Auking av grensa for fritak for arbeidsgivaravgift for anna arbeid enn pass av barn under 12 år og barn med særlege behov

Departementet foreslår å auke grensa for fritak for arbeidsgivaravgift frå 50 000 kroner til 60 000 kroner ved anna arbeid i heim og fritidsbustad enn pass av barn som ikkje har fylt 12 år før utgangen av inntektsåret og barn som har særleg behov for omsorg og pleie. Forslaget inneber ei endring i folketrygdlova § 23–2 sjuande ledd andre punktum. Provenyverknaden av endringa er ubetydeleg. Betaling for pass av barn under 12 år og barn med særleg behov er fritatt frå arbeidsgivaravgift.

## 2.3 Auking av grensa for årleg avrekning av forskotstrekk for anna arbeid enn pass og stell av barn under 12 år og barn med særlege behov

Som hovudregel skal arbeidsgivarar gjere opp forskotstrekk i tomånadlege terminar. Private arbeidsgivarar, som betalar lønn for pass av barn under 12 år eller barn som har særleg behov for pleie og omsorg, kan gjere opp forskotstrekket ein gong i året (årleg oppgjer) når lønnsutbetalingane ikkje går over 60 000 kroner. For alt anna privat arbeid er grensa for å nytte årleg oppgjersordning 30 000 kroner. Departementet foreslår å auke denne grensa til 60 000 kroner. Endringa vil bli fastset i forskrift når grensa for fritak for arbeidsgivaravgift er auka.

## 2.4 Auking av grensa for forenkla oppgjersordning

Som eit alternativ til hovudregelen om terminvise oppgjer og den forenkla ordninga med årlege oppgjer, kan private arbeidsgivarar nytte ei anna forenkla oppgjersordning. Denne ordninga går ut på at arbeidsgivaren skal gi melding om og betale inn forskotstrekket til skatteoppkrevjaren samtidig med kvar enkelt lønnsutbetaling. Ved å nytte denne ordninga treng arbeidsgivaren ikkje opprette skattetrekkskonto og skaffe seg organisasjonsnummer. Departementet foreslår av forenklingsomsyn å auke grensa for når ein kan nytte forenkla oppgjersordning frå 50 000 kroner til 60 000 kroner. Endringa vil framgå av forskrift når grensa for fritak for arbeidsgivaravgift er auka.

# 3 Auking av fiskerfrådrag

Etter skattelova § 6–60 første ledd kan fiskarar og fangstfolk på nærare vilkår krevje eit særskilt frådrag på 30 prosent av netto arbeidsinntekt frå fiske og fangst. Frådraget er i dag maksimalt 80 000 kroner. Departementet foreslår å auke det maksimale frådraget til 115 000 kroner. Auka fiskarfrådrag vil saman med innstramminga i nettlønnsordninga for sjøfolk, redusere dagens konkurransevridning mellom fiskerinæringa og anna skipsfartsnæring. Forslaga er omtalt i St.prp. nr. 59 (2007–2008) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2008. Departementet viser til forslag til endring i skattelova § 6–60 første ledd. Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

# 4 Reiarlagskatteordninga

## 4.1 Innleiing

Ved lov 14. desember 2007 nr. 107 vart det vedteke endringar i den særskilte skatteordninga for reiarlagselskap, som mellom anna går ut på endeleg fritak for skatt på nye inntekter frå skipsfartsverksemd, med verknad frå og med inntektsåret 2007. Ein viser til Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) og Innst. O. nr. 1 (2007–2008). Skattefritaket gjeld i utgangspunktet kjerneverksemd i form av drift og utleige av eigne og innleidde skip, jf. skattelova § 8–13. Departementet kan fastsetje i forskrift at selskap innafor ordninga kan drive verksemd i form av strategisk og kommersiell leiing og anna tilknytt verksemd.

I samband med omlegginga av reiarlagskatteordninga vart det vedteke overgangsreglar, som går ut på ei gradvis oppløysing av skattekredittane i den tidlegare ordninga per 31. desember 2006. To tredjedelar av utrekna, ikkje skattlagt gevinst skal førast på ein oppgjerskonto som skal tas til inntekt over 10 år, mens ein tredjedel av gevinsten berre skal skattleggjast i den grad eit tenkt skattebeløp knytt til denne ikkje blir brukt til kvalifiserande miljøtiltak.

Ved omlegginga blei det også gitt nye reglar for innstegskattlegginga, det vil seie skattlegginga når eit reiarlagselskap trer inn i reiarlagskatteordninga. Etter dei nye reglane skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer, der differansen mellom marknadsverdiar og skatteverdiar i hovudregelen skal skattleggjast, jf. skattelova § 8–14 tredje ledd. For selskap som trer inn i ordninga i 2007 eller 2008 er det vedteke ein overgangsregel, som går ut på at verdsetjinga av driftsmidlar, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap skal baserast på verdiane i rekneskapen, jf. åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Departementet føreslår at tidsperioden for overgangsregelen gjerast lengre, slik at selskap som trer inn i ordninga 1. januar 2009 skal basere verdsetjinga på verdiane i rekneskapen.

Vidare føreslår departementet eit tillegg til reglane om inntektsoppgjer når selskap trer inn i ordninga, jf. skattelova § 8–14. Siktemålet er å hindre omgåing ved sal av part i deltakarlikna selskap eller NOKUS-aksje som er omfatta av fritaksmetoden til eit nærståande selskap, som så trer inn i ordninga eller sel parten eller NOKUS-aksjen vidare til eit anna nærståande selskap innafor ordninga. Endringa går ut på at skatteverdien ved innstegskatteoppgjeret setjast til seljaren sin skatteverdi, korrigert for mellom anna inntekter skattlagt på deltakaren si hand. Er parten eller NOKUS-aksjen selt i fleire ledd mellom nærståande selskap, skal skatteverdien korrigerast for endringar i overpris eller underpris ved desse sala.

Departementet føreslår også ei oppretting av ordlyden i skattelova § 8–14 fjerde ledd, for å presisere at regelen skal gjelde ved alle typer realisasjon, og ikkje berre sal. I tillegg føreslås ei endring av skattelova § 8–14 femte ledd, slik at det skal gjennomførast eit inntektsoppgjer ved skattefri konsernintern overføring av alle slag eigedelar til selskap innafor reiarlagskatteordninga. I dag gjeld denne regelen berre for fartøy. Departementet gjer vidare framlegg om ei presisering av femte ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107 slik at ein ved fastsetjing av den utrekna eigenkapitaldelen i regimet for korreksjonsskatt etter skattelova § 10–5 andre ledd tredje punktum, jf. fjerde punktum, skal gjere frådrag berre for den skatteskyldnaden som er ført i rekneskapen, og ikkje for den fulle, utrekna skatteskyldnaden basert på skattesatsen for allminneleg inntekt. I tillegg føreslår departementet enkelte opprettingar i treårsregelen i åttande ledd i overgangsreglane, blant anna slik at den berre skal gjelde partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap som ikkje er omfatta av fritaksmetoden.

## 4.2 Forlenging av tidsperioden for overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga (overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107)

### 4.2.1 Gjeldande rett

Når eit reiarlagselskap trer inn i reiarlagskatteordninga skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer, der differansen mellom marknadsverdiar og skatteverdiar i hovudregelen skal skattleggjast, jf. skattelova § 8–14 tredje ledd. I tilfelle gevinst skal denne førast på gevinst- og tapskontoen til selskapet, som det skal svarast skatt av med minst 20 prosent av resterande saldo per år. Departementet viser til Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) side 19 til 22 for ei nærmare utgreiing om gjennomføringa av inntektsoppgjeret når eit reiarlagselskap trer inn i ordninga.

For selskap som ikkje er likna etter den særskilde reiarlagskatteordninga for inntektsåret 2006, og som trer inn i ordninga i 2007 eller 2008 er det vedteke ein overgangsregel, som går ut på at verdsetjinga av driftsmidlar, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap skal baserast på verdiane i rekneskapen, jf. åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Regelen gjeld ikkje for selskap som blei likna etter reiarlagskatteordninga for inntektsåret 2006, og som seinare har stige ut av ordninga.

Selskap som blir likna etter den særskilde skatteordninga må oppfylle nærmare vilkår, mellom anna krav til eigedelar og verksemd, jf. skattelova §§ 8–11 og 8–13. Alle vilkåra må i utgangspunktet vere oppfylt gjennom heile inntektsåret, jf. skattelova § 8–14 første ledd. Det vil seie at selskap må kvalifisere for og tre inn i ordninga frå og med 1. januar i inntektsåret. Nystifta selskap kan likevel tre inn i ordninga frå og med stiftelsestidspunktet, sjølv om selskapet er stifta i løpet av eit inntektsår.

Selskap som vil tre inn i ordninga etter fisjon der det overtakande selskapet fører vidare skatteverdiane, ervervstidspunkta og andre skatteposisjonar for det overførte (skattekontinuitet), kan ikkje tre inn i ordninga før 1. januar i inntektsåret etter at slik fisjon er gjennomført, jf. skattelova § 8–14 andre ledd. Eit selskap kan derfor ikkje fisjonere ut skipsfartsverksemda med skattekontinuitet til eit nystifta selskap som trer inn i ordninga frå fisjonstidspunktet. Selskapet kan tidlegast tre inn i ordninga frå og med det påfølgjande inntektsåret.

### 4.2.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Alle vilkåra for å vere innafor reiarlagskatteordninga må vere oppfylt gjennom heile inntektsåret. For å komme inn under overgangsreglane om verdsetjing av eigedelar til verdiane i rekneskapen måtte selskapa såleis i utgangspunktet gjennomføre alle naudsynte omorganiseringar for å kvalifisere for ordninga innan 1. januar 2008. For mange selskap vart denne fristen for kort.

Selskapa har etter gjeldande reglar heller ikkje hatt moglegheit til å fisjonere ut skipsfartsverksemda til eit nystifta selskap som kan tre inn i ordninga i løpet av 2008. Det var også vanskeleg for mange selskap å gjennomføre ein fisjon før 1. januar 2008, mellom anna på grunn av at ein fisjon tidlegast trer i kraft etter utløpet av ein to månaders kreditorfrist, og etter at melding frå alle overtakande selskap er registrert i Foretaksregisteret, sjå aksjelova § 14–7, jf. § 13–14 og allmennaksjelova § 14–7, jf. § 13–15. Dersom fisjonen tok til å gjelde 1. januar 2008 eller seinare, er det ikkje høve for selskapet til å krevje seg likna innafor ordninga for 2008.

Siktemålet med overgangsregelen var likebehandling med selskap som trer inn i ordninga frå den tidlegare reiarlagskatteordninga, som skal basere verdsetjinga ved oppgjeret for oppbygde skattekredittar i den tidlegare ordninga på verdiane i rekneskapen.

På bakgrunn av dette meiner departementet at overgangsreglane bør endrast, slik at selskap som i løpet av 2008 har gjennomført naudsynte omorganiseringar skal basere verdsetjinga ved innstegskattlegginga på verdiane i rekneskapen.

Dette kan gjennomførast ved å endre forbodet mot å tre inn i ordninga i same år som det gjennomførast fisjon med skattekontinuitet. Eit selskap kan såleis fisjonere ut skipsfartsverksemda til eit nystifta selskap som trer inn i ordninga frå og med fisjonstidspunktet.

Forbodet mot å tre inn i ordninga i same år som det gjennomførast fisjon med skattekontinuitet har grunnlag i at selskapa i stor utstrekning kan ha innverknad på fordelinga av inntekter og skatteposisjonar før fisjonen, jf. Ot.prp. nr. 11 (1996–1997) side 48. Til dømes kan overskott opptent før fisjonen skattleggjast fullt ut i det overdragande selskapet, dersom dette ikkje oppløysast ved fisjonen. Alternativt kan overskott fordelast i same forhold som aksjekapitalen, eller slik at overskottet blir tilnærma riktig sett i forhold til resultata for verksemdene til dei fisjonerte selskapa. Tilsvarande gjeld for underskott. Vidare kan gevinst- og tapskontoen fordelast i høve til aksjekapitalen eller tilordnast det selskap

som driv den verksemda som posisjonen har nærmast tilknyting til.

Dersom ikkje alle dei fisjonerte selskapa vil bli likna innafor reiarlagskatteordninga, kan dette gi incentiv til å fordele overskott og andre skatteposisjonar på ein gunstigast mogeleg måte. Til dømes kan ein fordeling av overskott opptent før fisjonen etter same forhold som aksjekapitalen, føre til at også inntekter frå verksemd som ikkje kan drivast innafor ordninga blir friteke for skattlegging. For å hindre slike tilpassingar måtte ein vedta reglar som fastsett korleis opptent overskott og andre skatteposisjonar skal fordelast mellom dei fisjonerte selskapa. Dette vil i stor grad komplisere både regelverket og likningsbehandlinga.

Eit betre alternativ er å forlenge tidsperioden for dei allereie eksisterande overgangsreglane slik at dei også skal gjelde for selskap som trer inn i ordninga 1. januar 2009. Selskap som ønskjer å tre inn i ordninga kan såleis gjennomføre naudsynte omorganiseringar i løpet av 2008, og tre inn i ordninga frå og med 1. januar 2009. Ein slik regel vil ikkje gi skattefritak for inntekter frå skipsfart opptent før selskapet trer inn i ordninga 1. januar 2009. På den andre sida vil regelen vere enkel å praktisere for skatteetaten og selskapa, og selskap som ønskjer å tre inn i ordninga vil få verdsetjinga av eigedelar basert på verdiane i rekneskapen.

Departementet gjer såleis framlegg om å endre overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga, slik at selskap som trer inn i ordninga med verknad frå og med 1. januar 2009 ved inntektsoppgjeret skal basere verdsetjinga av driftsmidlar, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap på verdiane i rekneskapen. Regelen skal ikkje gjelde for selskap som trer inn seinare enn 1. januar 2009.

Departementet viser til forslag til endring av åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Departementet føreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

## 4.3 Omgåing av reglane om inntektsoppgjer

### 4.3.1 Gjeldande rett

Når eit selskap trer inn i reiarlagskatteordninga skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer, der differansen mellom marknadsverdiar og skatteverdiar skal skattleggjast, jf. skattelova § 8–14 tredje ledd. Departementet viser til Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) side 19 til 22 for ei nærmare utgreiing om gjennomføringa av inntektsoppgjeret når eit selskap trer inn i ordninga.

Ein kan tenkje seg at selskapa vil prøve å omgå reglane om inntektsoppgjer, ved å selje partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap til eit nærståande selskap innafor ordninga, framfor å tre inn i ordninga. Gevinst ved salet skal ikkje skattleggjast dersom den er omfatta av fritaksmetoden, jf. skattelova § 2–38. For å hindre slike tilpassingar er det gitt reglar som går ut på at det skal gjennomførast eit inntektsoppgjer ved sal av partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap som er omfatta av fritaksmetoden til eit reiarlagskatta selskap, frå eit selskap som skattleggjast ordinært med direkte eller indirekte eigarinteresse i det reiarlagskatta selskapet, jf. skattelova § 8–14 fjerde ledd. Det gjeld inga minstegrense for eigarinteressa. Den skattepliktige gevinsten skal reknast ut som differansen mellom skatteverdien og marknadsverdien på parten eller aksjen på tidspunktet salet vart gjennomført. Gevinsten skal førast på gevinst- og tapskontoen i det kjøpande selskapet.

Etter skattelova § 8–14 femte ledd skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer også ved enkelte konserninterne overføringar, jf. avsnitt 4.4 nedanfor.

### 4.3.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Selskap kan omgå reglane om inntektsoppgjer etter skattelova § 8–14 tredje, fjerde og femte ledd, ved å selje partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap til eit nærståande selskap som er ordinært likna, før partane eller aksjane blir teke inn i ordninga ved at det kjøpande selskapet trer inn i ordninga. Dersom realisasjonen er omfatta av fritaksmetoden, vil ein eventuell gevinst ved salet vere fritatt for skattlegging. Partane og aksjane vil få ny skatteverdi på kjøparens hand, som skal fastsetjast til kjøpsprisen.

Når det kjøpande selskapet trer inn i ordninga skal differansen mellom skatteverdien og marknadsverdien på parten eller aksjen skattleggjast, jf. skattelova § 8–14 tredje ledd. Differansen vil som oftast vere liten dersom selskapet trer inn i ordninga kort tid etter salet. Dette har årsak i at skatteverdien på parten eller aksjen vert sett til kjøpsprisen ved det tidlegare salet. Det er berre ein eventuell verdiauke etter salet som vil bli skattlagt ved inntektsoppgjeret, mens all verdiauke før salet vil bli endeleg skattefri.

Det skal også gjennomførast eit inntektsoppgjer dersom det kjøpande selskapet sel eller overfører parten eller aksjane vidare til eit nærståande selskap innafor ordninga, jf. skattelova § 8–14 fjerde og femte ledd. Differansen mellom marknadsverdien og skatteverdien vil også i slike tilfelle normalt vere liten, som ein følgje av det tidlegare salet.

For å hindre at selskap omgår reglane om inntektsoppgjer som nemnt, føreslår departementet at inngangsverdien til partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap som før innsteg eller realisasjon er overført frå eit nærståande selskap, skal settast til skatteverdien for det nærståande selskapet. Tilsvarande gjeld når denne overføringa skjer frå selskap som det nærståande selskapet har direkte eller indirekte eigarinteresser i. Dette gjeld likevel berre når ein eventuell gevinst ved denne overføringa er omfatta av fritaksmetoden, jf. skattelova § 2–38.

Regelen går ut på at ein ser bort frå at parten har fått ny skatteverdi på mottakaren sin hand ved overføringa. Selskap vil berre omgå reglane om inntektsoppgjer dersom til dømes salet fører til ein høgare skatteverdi for kjøparen enn for seljaren, og såleis reduserer ein eventuell gevinst ved inntektsoppgjeret. Det er derfor ikkje naudsynt å bruke skatteverdien for det nærståande selskapet, dersom overføringa fører til ein lågare skatteverdi for mottakaren. Departementet føreslår derfor at regelen berre skal gjelde dersom salet fører til ein høgare skatteverdi for mottakaren.

Parten i det deltakarlikna selskapet eller aksjane i NOKUS-selskapet kan vere overført mellom fleire nærståande selskap. Departementet føreslår at inngangsverdien i slike tilfelle vert fastsett til skatteverdien for det første nærståande selskapet som overførte parten eller aksjane.

Inngangsverdien må korrigerast for skattepliktige inntekter frå det deltakarlikna selskapet eller NOKUS-selskapet som er skattlagt ordinært på dei nærståande selskapa sine hender. Tilsvarande korreksjon må gjerast for skattefrie inntekter og kostnadar som ikkje kan førast til frådrag og for eventuelle inn- og utbetalingar i selskapet.

Departementet føreslår derfor at inngangsverdien etter skattelova § 8–14 tredje, fjerde og femte ledd skal korrigerast ned for endringar i overpris eller underpris ved overføringane mellom dei nærståande selskapa. Det skal berre gjennomførast ei korrigering dersom summen av endringane i overpris eller underpris er positiv. Dersom summen av endringane er negativ har overføringane ført til ein lågare skatteverdi for selskapet, og det er ikkje grunnlag for å hevde at selskapet har omgått reglane om inntektsoppgjer. Overføring omfattar i denne samanhengen både realisasjon og uttak.

Departementet føreslår at ein ikkje skal korrigere for endringar i over- eller underpris ved overføringar som er gjennomført tidlegare enn tre inntektsår før året for innsteg eller realisasjon.

Slik reglane om fritaksmetoden og reglane om NOKUS-skattlegging er utforma, vil aksjar i NOKUS-selskap aldri vere omfatta av fritaksmetoden. Regelendringa som er omtalt ovanfor vil derfor i praksis berre gjelde partar i deltakarlikna selskap.

Departementet føreslår også ei oppretting av ordlyden i skattelova § 8–14 fjerde ledd for å presisere at regelen skal gjelde ved alle typer realisasjon, og ikkje berre sal.

Departementet viser til forslag til endring av skattelova § 8–14 fjerde ledd og nytt sjette ledd.

Departementet føreslår at endringane i § 8–14 fjerde ledd tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007, likevel slik at inntektsoppgjer berre skal gjennomførast ved realisasjon av part frå og med 5. oktober 2007. Departementet føreslår vidare at tilføyinga av sjette ledd tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

## 4.4 Konsernintern overføring til selskap innafor reiarlagskatteordninga

Etter skattelova § 8–14 femte ledd skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer når eit *fartøy* blir overført til eit selskap innafor reiarlagskatteordninga etter reglane om skattefri overføring av eigedelar mellom selskap, jf. skattelova § 11–21. Det same gjeld når fartøy kjem inn i ordninga ved overføring av part i deltakarlikna selskap eller NOKUS-selskap. Inntektsoppgjeret skal gjennomførast etter dei same reglane som gjeld når eit selskap trer inn i ordninga.

Selskap innafor reiarlagskatteordninga kan drive skipsfartsverksemd i form av drift og utleige av eigne og innleidde skip, jf. skattelova § 8–13 første ledd første punktum. Etter endringane i reiarlagskatteordninga som blei vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107 kan departementet likevel vedta i forskrift at selskap innafor reiarlagskatteordninga også kan drive verksemd nært knytt til skipsfartsverksemda, jf. skattelova § 8–13 første ledd andre punktum. Dette gjeld til dømes strategisk og kommersiell leiing, lasting/lossing o.a.

Det kan såleis vere aktuelt å overføre også andre eigedelar enn fartøy til eit selskap innafor reiarlagskatteordninga etter reglane om skattefrie konserninterne overføringar. Etter gjeldande reglar

skal det ikkje gjennomførast eit inntektsoppgjer ved overføring av slike eigedelar.

Departementet legg til grunn at det ikkje er grunn til å gjere skilnad på fartøy og andre eigedelar i høve til reglane om inntektsoppgjer. På bakgrunn av dette føreslår departementet å endre skattelova § 8–14 femte ledd, slik at det skal gjennomførast eit inntektsoppgjer når ein *eigedel* blir overført til eit selskap innafor reiarlagskatteordninga etter reglane om skattefri overføring av eigedelar mellom selskap, jf. skattelova § 11–21.

Departementet viser til forslag til endring av skattelova § 8–14 femte ledd.

Departementet føreslår at endringa tek til å gjelda straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

## 4.5 Skattlegging av driftsmidlar, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap ved sal eller utsteg av reiarlagskatteordninga innan tre år etter at selskapet steig inn i ordninga

Når selskap trer inn i reiarlagskatteordninga frå ordinær skattlegging i 2007 eller 2008 skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer, der verdsetjinga av mellom anna partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap skal baserast på verdiane i rekneskapen, jf. åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17 ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Etter forslaget som er omtalt under avsnitt 4.2 ovanfor skal dette også gjelde ved innsteg i ordninga 1. januar 2009.

Departementet har lagt til grunn at verdiane i rekneskapen kan gi eit eigna mål på marknadsverdiane ved innsteg i ordninga, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) på side 33. Likevel kan ein ikkje sjå bort frå at verdiane i rekneskapen i enkelte tilfelle kan vere mykje lågare enn marknadsverdiane. For å hindre at selskap trer inn i ordninga før eit planlagt sal, skal gevinst knytt til mellom anna partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap vere skattepliktige ved realisasjon innan tre år etter at selskapet gjekk inn i ordninga, jf. åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17. Tilsvarande gjeld dersom selskapet trer ut av ordninga innan tre år. Ved utrekninga av gevinsten skal den verdien som er lagt til grunn når selskapet gjekk inn i ordninga utgjere inngangsverdien. Departementet kan gi nærmare reglar om skattlegginga. Skatteplikta gjeld ikkje for eigedelar som er skaffa etter innsteg i ordninga.

Treårsregelen gjeld også gevinst ved realisasjon av partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap som er omfatta av fritaksmetoden, sjølv om gevinst vil vere friteke for skattlegging utanfor reiarlagskatteordninga. Departementet legg til grunn at selskap ikkje vil tilpasse seg reglane ved å tre inn i ordninga før eit planlagt sal o.a. av ein slik part eller aksje. Ein føreslår derfor ein presisering i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17, slik at treårsregelen berre skal gjelde gevinst knytt til partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap som ikkje er omfatta av fritaksmetoden.

Slik reglane om fritaksmetoden og reglane om NOKUS-skattlegging er utforma, vil aksjar i NOKUS-selskap aldri vere omfatta av fritaksmetoden. Det føreslåtte unntaket frå treårsregelen vil derfor i praksis berre omfatte partar i deltakarlikna selskap.

Departementet føreslår også ei presisering av ordlyden i treårsregelen, slik at den skal gjelde ved alle typer realisasjon samt uttak, og ikkje berre ved sal. I tillegg føreslår departementet ei presisering av forskriftsheimelen i åttande ledd siste punktum i overgangsreglane.

Departementet viser til forslag til endringar i åttande ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Departementet føreslår at endringane tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

## 4.6 Korreksjonsinntekt ved utdeling av ikkje skattlagt kapital

Ved endringane av reiarlagskatteordninga ved lov 14. desember 2007 nr. 107 blei det vedteke overgangsreglar for selskap som blei likna etter reiarlagskatteordninga for inntektsåret 2006, og som vel særskilt reiarlagskattlegging også for inntektsåret 2007, jf. omtalen av dette under avsnitt 4.1. For slike selskap skal det gjennomførast eit inntektsoppgjer for opparbeidde skattekredittar per 31. desember 2006. To tredjedelar av den utrekna gevinsten ved inntektsoppgjeret skal førast på ein eigen oppgjerskonto, som det skal svarast skatt av med like store beløp over 10 år frå og med inntektsåret 2007. Den siste tredjedelen av gevinsten skal berre skattleggjast i den grad eit tenkt skattebeløp knytt til denne ikkje blir brukt til kvalifiserande miljøtiltak.

I samband med endringane blei det lagt til grunn at skatt knytt til dei to tredjedelane av gevinsten som skulle førast på oppgjerskontoen måtte skyldskrivast i rekneskapane med ein gong, utan omsyn til at innbetalingane er skyvd ut i tid, jf.

Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) på side 31. Det blei derfor lagt til grunn at denne delen av gevinsten berre kan delast ut som utbytte utan korreksjonsinntekt etter at den er skattlagt. Korreksjonsinntektsreglane går ut på skattlegging av selskapa dersom det er delt ut inntekter som er skattepliktige på selskapa sine hender, men der tidfestingsreglane medfører at inntekta enno ikkje er skattlagt, jf. skattelova § 10–5.

Departementet er kjent med at selskap likevel har neddiskontert skattekredittane som er ført på oppgjerskontoen. Neddiskontering går ut på at ein tar omsyn til verdien for selskapa av å få utsett skatteinnbetalingane til eit framtidig tidspunkt. Dette fører såleis til at det i rekneskapen blir ført ei lågare skattegjeld enn som det vart lagt til grunn i Ot.prp. nr. 1 (2007–2008).

Eit grunnleggjande omsyn ved omlegginga av reiarlagskatteordninga har vore at inntekter som er opptent før 1. januar 2007 ikkje skal kunne delast ut før dei er skattlagt, eller friteke etter ordninga med fond for miljøtiltak o.a. Det er då behov for å sikre at dei to tredjedelane av skattekredittane som etter overgangsreglane skal førast på oppgjerskonto, blir skattlagt i form av korreksjonsinntekt, i den grad utdelinga skjer før skatten etter overgangsreglane blir ein realitet. Derfor føreslår departementet at ein ved fastsetjing av den utrekna eigenkapitaldelen i regimet for korreksjonsskatt etter skattelova § 10–5 andre ledd tredje punktum, jf. fjerde punktum, skal gjere frådrag berre for den skatteskyldnaden som er ført i rekneskapen, og ikkje for den fulle, utrekna skatteskyldnaden basert på skattesatsen for alminneleg inntekt (gitt at det ikkje er denne fulle skyldnaden som er ført i rekneskapen). Ved slik forutgåande skattlegging som korreksjonsinntekt blir den etterfølgjande, løpande skattlegginga over 10 år etter overgangsreglane nedjustert tilsvarande.

Departementet viser til forslag til endring av femte ledd i overgangsreglane til endringane i skattelova §§ 8–14, 8–15 og 8–17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Departementet føreslår at endringa tek til å gjelda straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

## 4.7 Økonomiske og administrative verknader

Departementet går ut frå at dei føreslåtte endringane vil ha små administrative og økonomiske verknader.

# 5 Endring av betalingsordninga for petroleumsskatt

## 5.1 Innleiing

I dag blir petroleumsskatt (terminskatt) betalt to gonger i året, 1. oktober i inntektsåret og 1. april i etterfølgjande år. Innbetalingane er no så store at dei skaper uvisse i pengemarknaden og for gjennomføringa av betalingsoppgjera i bankane. Departementet gjer framlegg om at talet på terminar for betaling av petroleumsskatt vert auka frå to terminar til seks like store terminar med forfall jamt fordelt utover året. Beløpet som blir betalt inn skal vere likt for dei tre første og for dei tre siste terminane, det vil seie at det berre er mogleg å endre storleiken på utskriven terminskatt før fjerde termin med verknad for dei tre siste terminane. Framlegget er tilnærma provenynøytralt og har berre små administrative følgjer.

## 5.2 Gjeldande rett

Etter gjeldande reglar blir skatt på petroleumsverksemd betalt i to terminar med forfall 1. oktober i inntektsåret og 1. april året etter, jf. petroleumsskattelova § 7. Skatten som er att skal vere betalt tre uker etter at likninga er lagt ut. Terminskatten kan bli satt opp og ned fram til forfallstida for siste betaling, jf. petroleumsskattelova § 7 nr. 3. Den skattepliktige skal få uttale seg før ei slik endring. I følgje petroleumsskattelova § 7 nr. 5 gjer departementet vedtak om renter av terminskatt og av restskatt, utrekningstidspunkt for renter av restskatt, renter på for mykje betalt skatt, renter ved endring av likning mv. Departementet har også gitt føresegn 5. september 1980 nr. 4 om utskriving, betaling og avrekning av terminskatt mv. med heimel i petroleumsskattelova § 7 nr. 6. Av denne føresegna følgjer det mellom anna at det skal svarast renter av halvparten av forskjellen på innbetalingane når det er betalt inn forskjellig terminskatt i første og andre termin. Rentesatsen er 2,75 pst., som svarar til 5,5 pst. p.a., jf. føresegna § 11.

## 5.3 Merknader frå høyringsinstansane

I desember 2007 sendte departementet ut til høyring eit framlegg om at talet på terminar for betaling av petroleumsskatt vert auka frå to terminar til seks like store terminar med forfall jamt fordelt utover året. Beløpet som blir betalt inn skal vere likt for dei tre første terminane og kan ha eit anna, men likt nivå for dei tre siste terminane. Det vil seie at det berre er mogleg å endre storleiken på utskriven terminskatt før fjerde termin med verknad for dei tre siste terminane. Framlegget er tilnærma provenynøytralt og har berre små administrative følgjer.

Seks av høyringsinstansane har sendt svar til departementet. Alle er positive til auken i talet på terminar for betaling av petroleumsskatt. Berre Oljeindustriens Landsforening ønskjer ei tilpassing av framlegget.

*Oljeindustriens Landsforening (OLF)* meiner at:

> «Når det gjelder forslaget til endring i petroleumsskatteloven § 7 nr. 3 (og tilsvarende bestemmelse i forskrift av 5. september 1980 om utskriving, betaling og avregning av terminskatt mv. § 1 andre ledd) mener OLF at departementets forslag til «innskrenkning» med hensyn til å endre terminskatten kan virke uheldig. OLF foreslår derfor at det bør være mulighet for å få endret den utskrevne terminskatten fram til og med forfall for 5. termin, dvs. 1. april. Bestemmelsen om renter av terminskatt i forskriftens § 3 blir på tilsvarende måte å tilpasse dette.»

*Finansnæringens Hovedorganisasjon* og *Sparebankforeningen* har i sitt felles svar sagt at:

> «Avslutningsvis tillater vi oss, med henvisning til det som er nevnt over vedrørende usikkerhet, å foreslå at det etableres en rutine for informasjon til markedet om forventet innbetalt beløp foran hver dato for innbetaling av petroleumsskatt.»

## 5.4 Vurderingar og framlegg frå departementet

I dag blir petroleumsskatt (terminskatt) betalt inn to gonger i året. Innbetalingane er no særs store, og dei var på om lag 94 mrd. kroner i oktober 2007, og omlag 96 mrd. kroner i april 2008. Betaling av skatt trekkjer inn likviditet frå det norske banksystemet. Dei høge innbetalingane av petroleumsskatt fører til at banksystemet må få tilført likviditet frå Noregs Bank dei første to til tre månadene etter forfall av petroleumsskatten. Banksystemet bør ha eit visst overskot av likviditet (det vil seie at dei samla sett bør ha netto innskot i Noregs Bank) for at rentesetjinga til Noregs Bank skal få gjennomslag i rentemarknaden. Noregs Bank tilfører likviditet gjennom såkalla sikra F-lån. Når behovet for tilførsel av likviditet er så stort som ved betaling av petroleumsskatten, har Noregs Bank problem med å vite kor store F-lån banken bør gje. Dette kan skape uvisse i marknaden. Særleg utanlandske bankar ser på uvissa som stor, i og med at dei ikkje kan ta opp lån i Noregs Bank. Difor har det vore ein tendens til at pengemarknadsrentene har gått opp rundt forfall for terminskatten.

For å vere sikre på å kunne gjere opp for seg også i fall noko uventa skjer, ønskjer gjerne bankane å ha meir likviditet enn dei normalt treng til betalingsoppgjera. Difor tek bankane opp dagslån i tillegg til F-låna frå Noregs Bank. I slike tilfelle fungerer lånemarknaden mellom bankane mindre godt. Då er det vanskeleg for Noregs Bank å sjå kor store ekstraordinære tilførslar som er naudsynte for at ein skal unngå store utslag i rentene i marknaden.

Sidan i fjor sommer har uroen i finansmarknadene både internasjonalt og i Noreg forsterka uvissa som storleiken på petroleumsskattane er opphav til. Departementet ønskjer å unngå at skattesystemet har slike uheldige utslag.

Departementet gjer på denne bakgrunn framlegg om å auke talet på betalingsterminar frå to til seks terminar, med forfall jamt fordelt utover året. Forfall for terminane blir 1. august, 1. oktober og 1. desember i inntektsåret, og 1. februar, 1. april og 1. juni i det etterfølgjande året. Ordninga er meint å vere tilnærma lik gjeldande ordning, berre med ein auke av talet på innbetalingar. Beløpet som blir betalt inn skal vere likt for dei tre første terminane, og også likt, men eventuelt på eit anna nivå for dei tre siste terminane. Dette inneber at det berre er mogleg å endre storleiken på utskriven terminskatt før fjerde termin med verknad for dei tre siste terminane. Skattytar kan ved forfall for andre termin med verknad for dei tre første terminane (og ved femte termin med verknad for dei tre siste terminane) betale inn tillegg til terminskatten dersom terminskatten er venta å bli høgre enn utlikna terminskatt. Departementet meiner ei slik avgrensing sikrar ei enkel handtering av utrekning av renter. På denne bakgrunn gjer ikkje departementet framlegg om ei tilpassing av ordninga i tråd med utsegna frå OLF. I tillegg blir endringa av betalingsordninga tilnærma provenynøytral.

Departementet kjem også til å endre dei utfyllande føresegnene til lova for å samordne dei med endringane i betalingsordninga. Det gjeld særleg reglane om rentebetaling. Vidare vil departementet gjere naudsynte tilpassingar i skattebetalingslova 2005 § 10–22, som er venta å gjelde frå 2009.

Departementet viser til framlegg til endring av petroleumsskattelova § 7.

## 5.5 Økonomiske og administrative følgjer

Departementet legg til grunn at dei økonomiske og administrative følgjene av framlegget er små. Framlegget fører til at fastsetjinga av terminskatten må flyttast fram til byrjinga av juli månad. Informasjonen frå selskapa om venta skatteinntekt må bli gitt til Oljeskattekontoret omkring 20. juni i inntektsåret, dvs. om lag to månader tidlegare enn i dag. Utrekningane av forventa inntekt er meir usikre på det tidspunktet, som igjen kan føre til fleire endringar av terminskatten. På den andre sida er framlegget utforma med innskrenkingar i høve til å endre terminskatten. Endringane kan føre til noko meir arbeid for Oljeskattekontoret og dei i skatteetaten som driv med innkrevjing.

Auken i talet på betalingsterminar fører til ei lita auke i gjennomsnittleg kredittid for selskapa. I Revidert nasjonalbudsjett 2008 er petroleumsskatten rekna til å bli om lag 229 mrd. kroner i 2008. På dette grunnlaget reknar departementet med at endringa gir selskapa ei skattelette på om lag 13 mill. kroner påløpt i 2008. Endringa blir bokført i 2009. Det er lagt til grunn ein rentesats på 6,3 pst. p.a. før skatt, som om lag svarer til den nominelle interbankrenta dei siste dagane.

## 5.6 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at endringane skal gjelde for terminskatt for inntektsåret 2008 og seinare år. Siste innbetalinga etter dei gamle reglane var då 1. april 2008, og første innbetaling etter dei nye reglane blir 1. august 2008.

# 6 Heimel for likningsstyresmaktene til å innhente kontrollopplysningar om bruk av utanlandske betalingskort

## 6.1 Innleiing og samandrag

Finansdepartementet foreslår endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) § 6–3. Departementet foreslår å gi Skattedirektoratet eller den direktoratet gir fullmakt heimel til å innhente opplysningar frå brukarstaden om identiteten til innehavaren av utanlandsk betalingskort som er brukt i Noreg. Internasjonale kontrollerfaringar viser at bruk av utanlandske betalingskort knytt til ein bankkonto i utlandet er ein vanleg metode for å få tilgang til skjulte midlar på ein enkel måte. Kontroll av bruken av utanlandske betalingskort i Noreg vil difor kunne avdekke midlar plassert i utlandet som ikkje er gjeve opp til skattlegging her. Slik kontroll vil også kunne avdekke personar som reelt sett oppheld seg i Noreg og som skulle ha betalt skatt hit, men som hevdar å opphalde seg i utlandet. Departementet legg til grunn at moglegheita for slik kontroll også vil kunne ha ein viss preventiv effekt. For betalingskort skrive ut av ein finansinstitusjon i Noreg har likningsstyremaktene tilgang til identiteten til kortinnehavaren gjennom den opplysnings- og oppgåveplikta som kortutskrivaren er pålagt etter likningslova § 6–4. Likningsstyresmaktene har ikkje tilsvarande høve til å identifisere innehavaren av eit betalingskort skrive ut i utlandet.

## 6.2 Bakgrunn

I lukka finanssenter – til dagleg gjerne omtalt som skatteparadis – blir utlendingar gitt tilbod om anonymitet gjennom streng lovgjeving om hemmeleghald, lempeleg verksemdsregulering og liten eller ingen skatt på formue eller inntekt med kjelde utanfor finanssenteret. Dei som ønskjer å unndra midlar frå skattlegging i heimlandet, er på denne måten sikra ideelle tilfluktsstader.

Internasjonalt er det i fleire undersøkingar gjort overslag over storleiken på formuesplasseringar i lukka finanssenter og elles i utlandet. Mellom anna konkluderte svenske skattesstyresmakter for nokre år sidan med at svenske skattytarar skjulte verdiar tilsvarande om lag 500 milliardar svenske kroner i utlandet. I «Skattestatistisk Årsbok» for 2006 reknar svenske skattesstyresmakter med at unndratt skatt samla utgjer 100 milliardar svenske kroner, og at unndratt skatt med internasjonale koplingar utgjer mellom 20 og 35 milliardar svenske kroner. Det er ingen tilsvarande berekningar for Noreg, og dei overslaga som kjem fram i utanlandske undersøkingar kan berre seie litt om storleiken. Kontrollerfaringar frå finansområdet dei siste åra tyder likevel på at ein stor del av dei inntektene og formuane som norske skattytarar har i land som reknast for å vere skjerma mot innsyn frå norske likningsstyresmakter, ikkje blir skattlagt i Noreg.

OECD har også peika på at bruk av utanlandske betalingskort, er ein mykje brukt metode for å få tilgang til skjulte midlar. Skatteadministrasjonane i fleire land, mellom anna svenske og danske skattestyresmakter, har difor gjennomført kontrollprosjekt retta mot bruken av utanlandske betalingskort. Erfaringane viser så langt at slike kontrollar er ein effektiv metode for å avdekke formue og inntekt i utlandet som ikkje er gjeve opp.

Departementet meiner at ein heimel som gir likningsstyresmaktene høve til å avdekke identiteten til innehavaren av utanlandsk betalingskort som vert brukt i Noreg i tillegg vil kunne avdekke skattskyldige personar som hevdar å opphalde seg i utlandet, men som i røynda er i Noreg.

## 6.3 Gjeldande rett

*Likningslova*

Tilgang til relevante opplysingar er naudsynt for at likningsstyresmaktene skal kunne gjennomføre effektiv kontroll og få til rett likning. Reglane om innhenting av kontrollopplysningar og likningsoppgåver frå tredjepartar er samla i likningslova kapittel 6. Føremålet med desse føresegnene er fyrst og framst å gi likningsstyresmaktene høve til å kontrollere om skattytarane har oppfylt sine opplysningspliktar overfor likningsstyresmaktene etter likningslova kapittel 4. Når det gjeld opplysningar knytt til utlandet, har likningsstyresmaktene også tilgang til opplysningar frå skattestyresmaktene i andre land og frå Valutaregisteret.

*Likningslova §§ 6–3 og 6–4*

Etter likningslova § 6–3 nr. 1 pliktar næringsdrivande etter krav frå likningsstyresmaktene å *«gi opplysninger om et hvert økonomisk mellomværende med navngitt næringsdrivende når det knytter seg til begge parters virksomhet»*. Likningsstyresmaktene kan etter denne føresegna krevje opplysningar om og spesifisert oppgåve over varelevering og -kjøp, tenester, vederlag og andre tilhøve som er knytt til mellomvere og oppgjeret for dette. Det gjeld også omsetning som er skjedd gjennom mellommann. Føresegna er avgrensa til mellomvere som er knytt til begge partane si næringsverksemd, og stengjer difor for opplysningar om kjøp av varer og tenester mv. til privat bruk. Etter § 6–3 nr. 6 kan departementet gi forskrifter om oppgåve- og opplysningsplikt som nemnt i nr. 1 for ikkje namngitte næringsdrivande. Slik forskrift er ikkje gitt.

Likningslova § 6–4 gjeld likningsstyresmaktene si rett til å krevje opplysningar om fordringar og gjeld mv. Etter § 6–4 nr. 1 pliktar einkvar skyldnar etter krav frå likningsstyresmaktene å gi opplysningar om fordringar og gjeld som namngitt person, bo, selskap mv. har, og om renter mv. som er knytt til fordringa eller gjelda. Opplysningsplikta etter denne føresegna er avgrensa såleis at namnet til kreditor eller debitor må vera kjent. Etter § 6–4 nr. 2 skal finansinstitusjonar og andre som driv utlånsverksemd eller låneformidling som næring, verdipapirføretak og pensjonskasser ukravd gi opplysningar om sine innskotts- og lånekonti. Dei opplysningane som likningsstyresmaktene trengjer, er i første rekke saldo per 1. januar og renter for det seinaste året. Slike opplysningar blir innrapportert årleg for alle innskotts- og lånekonti. I ein del sakar har likningsstyresmaktene behov for meir utfyllande opplysningar om tilhøve som det ikkje skjer automatisk innrapportering om. Slike opplysningar kan bli innhenta med heimel i § 6–4 nr. 3. Etter denne føresegna pliktar institusjonar som nemnt over, etter krav frå likningsstyresmaktene å gi opplysningar om midlar som dei har til forvaltning og avkastning av midlane. Opplysningsplikta omfattar også opplysningar om innskotts- og gjeldskonti, deposita, formidling og andre mellomvere samt opplysningar om underliggande vedlegg og anna dokumentasjon til transaksjonane, medrekna opplysningar om kven som er partar i transaksjonen. Førespurnaden frå likningsstyresmaktene må i utgangspunktet gjelde namngitt person, bo, selskap eller innretning. Etter § 6–4 nr. 4 kan likevel Skattedirektoratet eller den direktoratet gir fullmakt, krevje slike opplysningar om ikkje namngitt person mv.

*Valutaregisterlova*

Valutaregisteret er regulert i lov 28. mai 2004 nr. 29 om register over opplysninger om valutaveksling og overføring av betalingsmidler inn og ut av Norge (valutaregisterloven) og valutaregisterforskrifta av 6. desember 2004 nr. 1573.

Etter § 4 i lova skal finansinstitusjonar som driv valutaverksemd, i hovudsak banker og kortselskap, rapportere til registeret om valutaveksling og om overføring av betalingsmidlar inn og ut av Noreg. Deklareringspliktig inn- og utførsel av betalingsmidlar rapporterast av toll- og avgiftsetaten.

Rapporteringsplikta ved overføring av betalingsmidlar ved bruk av utlandsutskrivne betalings- og kredittkort i Noreg er nærare regulert i forskrifta § 11. Etter føresegna skal enkeltoverføringar større enn 25 000 kroner eller tilsvarande i annen valuta rapporterast enkeltvis. Overføring av beløp som er mindre enn eller lik 25 000 kroner eller tilsvarande i annen valuta skal rapporterast med månadleg sum per kort og månadleg sum per brukarstad. I tillegg skal kontantuttak over 5000 kroner eller tilsvarande i annen valuta rapporterast enkeltvis til registeret. Ved bruk av utanlandske betalings- og kredittkort i Noreg rapporterast ingen opplysningar om namn, personnummer eller anna som kan identifisere den enkelte kortinnehavar.

*Opplysningar frå skattestyresmakter i andre land*

Mange av dei såkalla skatteparadisa har gått med på å inngå avtalar om utveksling av opplysningar til bruk for skatteformål. Dei nordiske landa har tatt initiativ til å innleie felles forhandlingar om slike avtalar. Dersom avtalar opprettas etter dei modellar som OECD har utarbeida i samråd med samarbeidsvillige skatteparadis, vil det innebere eit stort kontrollmessig framsteg også for opplysningar om kontohald. Slike avtalar vil likevel truleg berre gi heimel til utveksling etter særleg oppmoding, kor den norske skattytaren er identifisert med namn.

Tilgangen til slike opplysningar er heller ikkje sikra gjennom dei skatteavtalane som Noreg har med andre land enn skatteparadisa. Der landa i kraft av avtalane gir kvarandre bankopplysningar automatisk er behovet dekt, men frå mange land må innhentinga skje på grunnlag av særleg oppmodning. Dei landa som Noreg har skatteavtalar med, har ulik praksis når det gjeld krav til identifisering av personen og den kontoen oppmodinga gjeld. Interne opplysningsheimlar som gjer det mogleg å få kontohaldaren identifisert ved namn, kan difor vere like naudsynt når det gjeld kortutskrivande banker i andre land enn i skatteparadisa.

Når skatteopplysningar innhentast ved bistand frå andre lands skattestyresmakter er det dessutan ein grunnleggande føresetnad at heimlege kjelder for opplysningar skal vere uttømde før ein utanlandsk skattestyresmakt blir oppmoda om å yte bistand, jf. kommentarane til OECD si mønsteravtale artikkel 26, jf. punkt 9 bokstav a.

## 6.4 Høyring

Finansdepartementet sendte 15. november 2007 på høyring forslag om innføring av heimel for å gi Skattedirektoratet eller den direktoratet gir fullmakt tilgang til å innhente opplysningar frå brukarstaden for betalingskort om identiteten til innehavaren av utanlandske betalingskort som er brukt i Noreg. Forslaget var grunngitt med at gjennom innhenting av opplysningar om identiteten til innehavaren av utanlandske betalingskort som har vore brukt i Noreg, vil likningsstyresmaktene kunne avdekke inntekter og formuar skjult i utlandet. I tillegg vil kontrollane kunne identifisere personar som reelt sett har opphald i Noreg og som skulle skatta hit, men som hevder å vere skattepliktig til andre land. Identifisert kontohald vil dessutan kunne gi høve til vidare undersøkingar av inntektskjelder og transaksjonar med tilknyting til kontoen. Kontrollinteressa vil i hovudsak rette seg mot personar som har brukt utanlandske betalingskort over ein lengre periode og forbrukt relativt store beløp.

*Betalingskorta* kan delast inn i desse hovudgruppene; debetkort, faktureringskort, kredittkort og anonyme kort. Betalingskorta blir skrive ut av ein *kortutskrivar,* gjerne ein bank eller eit kortselskap i Noreg eller eit anna land. Kortet blir skrive ut til ein *kortinnehavar.* Kortinnehavaren vil vere ein privatperson eller bedrift som disponerer og står juridisk ansvarleg for bruken av betalingskortet. Kortinnehavaren bruker kortet til å betale for varer eller tenester på ein *brukarstad,* til dømes i ein butikk, på restaurant eller hotell o.a. Brukarstaden får sitt oppgjer frå ein *innløysar.* Innløysaren vil vere ein bank eller eit finansieringsselskap. Innløysaren krev deretter oppgjer for fordringa frå kortutskrivaren, som igjen krev sitt tilgodehavande frå kortinnehavaren. Innløysaren kan anten samle inn transaksjonsdata sjølv, det vil da vere fire partar involvert, eller overlate oppgåva til ein profesjonelle transaksjonsinnsamlar, slik at også ein femte aktør er involvert. I enkelte andre system kan den same aktøren inneha både kortutskrivar- og innløysarfunksjonen (trepartssystem).

Når ein kortinnehavar bruker kortet sitt på ein brukarstad i Noreg, registrerast transaksjonen i det betalingssystemet som brukarstaden er tilslutta. Data i eit betalingssystem inneheld ei rekke opplysningar, mellom anna kortnummer, terminalnummer, brukarstad angitt ved namn og adresse, beløp, valuta og dato for transaksjonen. Kortinnehavaren sin identitet er ikkje ein del av transaksjonsopplysningane, og er difor ikkje kjent for innløysaren. Verifisering av kortbrukaren skjer på brukarstaden, anten ved at kortinnehavaren slår inn ein PIN-kode eller ved at kortinnehavaren legitimerer seg, og brukarstaden i visse tilfelle noterer dette. Kortinnehavaren sin identitet kan dessutan vere notert i anna materiale på brukarstaden, til dømes ved kjøp av flybillettar, overnattingar og produkt kor det skrivast ut garantibevis. Ettersom identiteten til kortinnehavaren berre vil kunne finnast hos nokre brukarstader, må likningsstyresmaktene finne fram til dei brukarstadene det vil vere aktuelt å krevje opplysningar frå. Dette skjer ved at likningsstyresmaktene først innhentar opplysningar frå innløysarane i betalingssystema om all kortbruk i tilknyting til utanlandske kort her i landet i løpet av ein periode. Av den store mengda med informasjon må likningsstyresmaktene sortere opplysningane, og plukke ut dei transaksjonane som skal kontrollerast nærare. Skattedirektoratet reknar med, basert på erfaringar frå Danmark og Sverige, at ca 5 000 utanlandske betalingskort vil vere brukte i eit slikt omfang at nærare analyse og kontroll kan vere aktuelt. Transaksjonsopplysningane som skal leverast frå innløysarane omfattar kortnummer, brukarstad, beløp og dato for transaksjonen. Med utgangspunkt i desse opplysningane vil Skattedirektoratet kunne gå til dei brukarstadene som mest sannsynleg har opplysningar om kortinnehavaren sin identitet, til dømes eit flyselskap. For brukarstadene vil det normalt vere lett å finne fram til den dokumentasjonen som kan innehalde namnet på kortinnehavaren.

Høyringsnotatet ble sendt til 36 organisasjonar og andre instansar. Departementet har mottatt høyringsfråsegn frå 23 instansar:

- Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Justis- og politidepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Datatilsynet
- Den Norske Advokatforening
- Den norske Revisorforening
- Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)
- Finansieringsselskapenes Forening
- Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
- Konkurransetilsynet
- Kredittilsynet

- Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)
- Norges Bank
- Norges Juristforbund
- Norsk Tjenestemannslag (NTL)
- NTL-Skatt
- Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
- Regjeringsadvokaten
- Skattedirektoratet
- Statens innkrevingssentral
- Toll- og avgiftsdirektoratet
- ØKOKRIM

*Statens innkrevingssentral, Norges Bank, Konkurransetilsynet, Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH), Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF), Den norske Revisorforeningen, Toll- og avgiftsdirektoratet* og *Regjeringsadvokaten* hadde ikkje merknader til forslaget. *Kredittilsynet* har peika på føresegnene i kvitvaskingslova men har ellers ingen merknader.

*Skattedirektoratet, ØKOKRIM, Norsk tjenestemannslag (NTL), NTL-Skatt, Landsorganisasjonen i Norge (LO), Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)* og *Norges Juristforbund* støtter forslaget. *Nærings- og handelsdepartementet* støtter også forslaget med den føresetnaden at innhenting av kontrollopplysningar kan skje på ein effektiv måte slik at det ikkje inneberer økt ressursbruk for næringslivet. *Den norske Advokatforening* kan ikkje sjå at det er avgjørande omsyn som taler i mot forslaget så lenge personopplysningslova overhaldast.

*Finansieringsselskapenes Forening, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Justis- og politidepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet* og *Datatilsynet* har hatt merknader til høyringa. Merknadene frå instansane er nærare omtalt nedanfor.

## 6.5 Vurderingar og forslag frå departementet

*Nærare om forslaget*

Det er eit hovudmål for likningsstyresmaktene at skattar og avgifter blir korrekt fastsett, og at beløp som ikkje er oppgitt til skattlegging blir avdekka. Innhenting av kontrollopplysningar frå ulike tredjepartar er viktig i denne samanheng.

Etter departementet sin vurdering vil ein heimel for Skattedirektoratet til å hente inn opplysningar om identiteten til innehavarane av utanlandske betalingskort som vert brukt i Noreg, vere eit viktig verkemiddel for å avdekke bankinnskott som ikkje er oppgitt i sjølvmeldinga. Slik kontrollundersøking kan også opne for vidare undersøkingar av inntektskjelder og transaksjonar som har tilknyting til kontoen. Omfattande og langvarig kortbruk i Noreg vil dessutan kunne gi grunnlag for vurdering av om ein kortinnehavar som anten har meldt utflytting eller ikkje har meldt innflytting, bor i Noreg og er skatteskyldig hit på det grunnlaget.

Om kortinnehavaren er skatteskyldig til Noreg eller ikkje, vil først kunne greiast ut når vedkomande er identifisert. Dersom vedkomande er skatteskyldig til eit anna land som Noreg har skatteavtale med, kan heimlandet til vedkomande og Noreg gi kvarandre opplysningar. Danske og svenske skattestyresmakter har alt inngått avtale om å gi kvarandre slike opplysningar. Departementet ser det som positivt at Noreg sluttar seg til dette samarbeidet. Også andre land som har satt i verk eller planleggjer å gjennomføre tilsvarande kontrollundersøkingar, vil kunne vere aktuelle for eit slikt samarbeid.

*Behovet for heimel*

Som nemnt registrerast ikkje opplysningar om kortinnehavaren sin identitet korkje hos innløysaren i betalingssystema eller i Valutaregisteret. Likningsstyremaktene må difor få opplyst identiteten til kortinnehavarane frå brukarstadene.

Kontrollen tenkast gjennomført ved at Skattedirektoratet først innhentar opplysningar frå innløysaren om all kortbruk med tilknyting til utanlandske kort i Noreg i løpet av ein periode, og deretter, etter ei sortering av transaksjonane, finner fram til den enkelte kortinnehavar ved å kontakte ein eller fleire brukarstader.

Ettersom opplysningar om overføring av betalingsmidlar inn og ut av Noreg vert registrerte i Valutaregisteret, kan ein stille spørsmål om likningsstyresmaktene, i staden for å innhente opplysningar om transaksjonane frå innløysarane, kan få dei naudsynte opplysningane frå registeret. Valutaregisteret gir berre tilstrekkeleg informasjon om enkeltoverføringar som er større enn 25 000 kroner. Slike transaksjonar skal rapporterast enkeltvis, og rapporteringa omfattar mellom anna korttype og kortnummer, transaksjonsdata og namn og adresse til brukarstaden. Likningsstyresmaktene vil difor kunne få opplysningar frå registeret til å gå vidare til ein av brukarstadene. Transaksjonar i denne storleiken utgjer likevel ein forsvinnande liten del av den totale mengda transaksjonar. Når det gjeld overføringar av beløp på 25 000 kroner eller mindre rapporterast berre månadleg sum per kort og må-

nadleg sum per brukarstad. For slike transaksjonar gir Valutaregisteret ikkje detaljerte nok opplysningar til at ein kan knytte den enkelte transaksjonen til ein brukarstad. Likningsstyresmaktene må difor likevel kontakte innløysarane for å få nok opplysningar.

Innløysarane som brukarstadene får sitt oppgjer frå, vil vere ein bank eller eit finansieringsselskap. Frå desse skal likningsstyresmaktene innhente opplysningar om betalingskorta sine kortnummer, brukarstad angitt ved namn og adresse og terminalnummer, det enkelte transaksjonsbeløp og dato for transaksjonen. Etter departementet sin oppfatning følgjer opplysningsplikta til innløysarane av likningslova § 6–4 nr. 3 og 4, som mellom anna bestemmer at finansinstitusjonar m.fl. etter krav frå likningsstyresmaktene plikter å gi opplysningar om *«formidling og andre mellomværende»*. Opplysningsplikta omfattar *«opplysninger om underbilag og annen dokumentasjon til transaksjonene, herunder opplysninger om hvem som er parter i transaksjonene.»*

Internasjonale betalingskort kan vere skrive ut både for privatkundemarknaden og bedriftskundemarknaden. For at likningsstyresmaktene skal kunne gjennomføre ein effektiv kontroll må opplysningsplikta til brukarstadene omfatte alle som er innehavar av betalingskort, både næringsdrivande og privatpersonar. Kontrollbehovet er like stort overfor begge grupper, og transaksjonsdata frå innløysar vil ikkje kunne skilje mellom desse. Slik opplysningsplikt er ikkje heimla i likningslova i dag. Etter likningslova § 6–3 nr. 1 har brukarstadene berre plikt til å gi opplysningar om *«ethvert økonomisk mellomværende med navngitt næringsdrivende når det knytter seg til begge parters virksomhet.»* Departementet foreslår difor at opplysningsplikt for brukarstadene blir heimla i ei ny føresegn i § 6–3. Departementet viser til forslaget til § 6–3 nr. 3 i likningslova.

### *Nærare om opplysningsplikta til brukarstadene*

Som nemnt vil ein berre finne identiteten til kortinnehavarane hos brukarstadene. For likningsstyresmaktene vil det berre vere identiteten til kortinnehavarane som er av interesse, ikkje opplysningar om kva for nokre varer eller tenester som er betalt med kortet. Difor er det opplysningar om namnet til kortinnehavaren, eventuelt adressa, personnummeret eller organisasjonsnummeret, som likningsstyresmaktene trenger frå brukarstaden. Brukarstadane sin opplysningsplikt (utleveringsplikt) vil difor vere avgrensa til den dokumentasjonen som knyter betalingskortet til ein kortinnehavar. Denne avgrensinga er tatt inn i forslaget til lovføresegn. Likningsstyresmaktene må gjere brukarstadene merksam på denne avgrensinga ved innhenting av opplysningar, slik at desse ikkje leverer ut fleire opplysningar enn det styresmaktene har behov for. Viss dokumentasjonen som leverast ut inneheld opplysningar om varekjøp m.m., vil dei opplysningane ein ikkje trengjer kunne «sladdast». Dersom den brukarstaden som likningsstyresmaktene først kontaktar, ikkje har opplysningar om kortinnehavaren sin identitet, må dei kontakte ein av dei andre brukarstadene.

*Justis- og politidepartementet* har i sin høyringsfråsegn stilt spørsmål ved om brukarstadene i tilstrekkelig grad er underlagt regler om teieplikt om kjennskap dei får til den pågåande kontrollen av enkeltpersonar. Departementet vil her understreke at brukarstadene berre vil kunne få vite at likningsstyresmaktene kontrollerar, men ikkje om det blir avdekka tilhøve som kan tyde på eventuelle brot på likningslova. Det er ei rekkje føresegner i likningslova kapittel 6 om at likningsstyremaktene kan innhente kontrollopplysningar frå tredjepartar, og det vil ofte vere slik at desse får kjennskap til pågåande kontrollar. Departementet legg til grunn at likningsstyresmaktene normalt vil hente inn opplysningar om bruken av utanlandske betalingskort frå brukarstader som er seriøse aktørar, til dømes flyselskap og kjente hotell, da ein må rekna med at det vil gi best resultat for kontrollen. Sjølv om mange av brukarstadene ikkje er pålagt teieplikt, legg departementet til grunn at dei vil handsame eventuell kunnskap om pågåande kontroll diskret, både med omsyn til dei personane som blir kontrollerte og av eigeninteresse.

Opplysningsplikta til brukarstadane skal etter forslaget berre gjelde identiteten til innehavarar av internasjonale betalingskort som er skrivne ut i utlandet, som til dømes Visa, Visa Electron, MasterCard, Maestro, Cirrus, American Express, Diners Club m.fl., og ikkje betalingskort skrivne ut av bankar og kortselskap her i landet. Opplysningsplikta bør vidare omfatte alle typar betalingskort, både debet-, fakturerings- og kredittkort samt anonyme kort. Debetkort vil ha størst kontrollmessig interesse, fordi ein utanlandsk bankkonto er ein føresetnad for å kunne bruke denne korttypen, men også dei andre korttypane kan gi viktige kontrollspor. Dersom ein faktura eller kreditt er betalt med innestående på ein norsk bankkonto, skal overføringa kunne finnast i Valutaregisteret. I motsatt fall kan oppgjer for disse korttransaksjonane ha skjedd frå formue i utlandet. Det vil dessutan vere vanskelig å skilje dei enkelte korttypane frå kvarandre i den datamengda som blir tatt i mot frå innløysara-

ne, ettersom nokre betalingskort kan vere kombinerte kort.

Når kortinnehavaren er identifisert, og likningsstyresmaktene finn grunn til å vurdere å endre skattytaren si likning, skal skattytaren bli varsla. Skattytaren vil difor få høve til å forklare seg om tilhøvet, før likninga eventuelt blir teke opp til endring.

Departementet foreslår at myndigheit til å innhente opplysningane frå brukarstadene blir lagt til Skattedirektoratet eller den Skattedirektoratet gir fullmakt. Slik fullmakt kan bli gitt til skattekontora.

*Personvern*

Formålet med lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven) er å beskytte den enkelte mot at personvernet blir krenka gjennom behandling av personopplysningar. Som personopplysningar reknast opplysningar og vurderingar som kan bli knytt til ein enkeltperson, jf. § 2 nr. 1.

*Justis- og politidepartementet* og *Datatilsynet* meiner at departementet tolkar personopplysningslova feil når det i høyringsnotatet er lagt til grunn at opplysningane som skal bli henta inn frå innløysaren, medrekna mellom anna kortnummer og brukarstad, ikkje er personopplysningar. *Desse instansane* viser til at etter førearbeida til personopplysningslova § 2 nr. 1 vil også slik indirekte identifikasjon av ein person omfattast av lova. Departementet har etter ei ny vurdering slutta seg til at opplysningane som vert motteke frå innløysarane må sjåast på som personopplysningar etter § 2 nr. 1. Dette betyr at innhenting av opplysningar frå innløysarane må vere i samsvar med personopplysningslova. I denne samanhengen har *Datatilsynet* uttalt at ei samla utlevering frå innløysarane av all kortbruk som er knytt til utanlandske kort vil komme i konflikt med personopplysningslova § 11 bokstav d, fordi det blir utlevert overskottsinformasjon sett i høve til det formålet skattesstyresmaktene skal nytte opplysningane til. Tilsynet peikar på at personvernulempene ved slik utlevering av overskottsinformasjon må veie tyngre enn at belastinga for innløysaren blir større.

Departementet meiner at ei samla utlevering frå innløysarane ikkje ville vere i strid med personopplysningslova § 11. Etter § 11 er det mellom anna eit krav om at personopplysningar som er innhenta berre skal bli nytta til uttrykkeleg angitte formål som er sakleg grunna i den behandlingsansvarlege si verksemd, og at opplysningane er tilstrekkelege og relevante for formålet med behandlinga. Bakgrunnen for Datatilsynet sitt standpunkt synest å vere at dei har lagt til grunn ei for snever oppfatning av kva som er formålet med innhentinga av opplysningar og dermed kva som vil vere relevante opplysningar. Som nemnt ovanfor så er formålet med å innhente opplysningar om bruken av utanlandske betalingskort i Noreg å sikre rett skattlegging av norske skattytarar som har inntekt og formue i utlandet, samt å avdekke personar som reelt sett oppheld seg i Noreg og som skulle skatta hit, men som hevdar å opphalde seg i utlandet. Departementet er av den oppfatning at dette er eit uttrykkelig angitt formål som er sakleg grunna i verksemda til likningsstyresmaktene.

Departementet har vurdert om alle opplysningane som likningsstyresmaktene skal innhente hos innløysarane kan sjåast på som tilstrekkelige og relevante for formålet med behandlinga. Det har i denne samanhengen vore vurdert, etter innspel frå *Fornyings- og administrasjonsdepartementet,* om det ved innhenting av opplysningar frå innløysarane kan innførast mellom anna beløpsgrenser eller former for anonymisering. Det har også vore vurdert om innhenting av opplysningar frå innløysarane i første omgang ikkje skulle innehalde namnet på brukarstadene, noe som ville gjort at opplysningane ikkje er personopplysningar, men at likningsstyresmaktene etter ei sortering av opplysningane kan innhente namnet på dei brukarstadene som vil vere aktuelle for den vidare kontrollen. Departementet er kome til at dette ikkje kan gjennomførast da dette i betydeleg grad vil svekke kontrollmoglegheitene for likningsstyresmaktene. For at likningsstyresmaktene skal kunne oppnå formålet med innhentinga, er det naudsynt at alle opplysningane leverast samla. På tidspunktet for innhentinga er all kortbruk knytt til utanlandske betalingskort aktuell for vidare kontroll. Det er berre gjennom eit samla bilete av transaksjonane at likningsstyresmaktene kan sjå kor lenge eit kort har vore brukt, kor store beløp som er brukt, forbindelsar mellom forskjellige kort, brukarstader osv, som igjen gir grunnlag for å sortere ut dei transaksjonane som er aktuelle for vidare kontroll. På det neste stadiet, etter ei sortering av opplysningane, da likningsstyresmaktene innhentar opplysningar frå brukarstadene, vil nok berre ein liten del av opplysningane verte sett på som relevante. Det er som nemnt likevel slik at på tidspunktet for innhentinga frå innløysarane, så er alle opplysningar naudsynte og relevante i forhold til formålet. Etter departementet sin meining må dette vere avgjerande i forhold til personopplysningslova. Departementet vil understreke at når det gjeld opplysningar som ikkje blir brukt i den vidare kontrollen så vil desse bli behandla forsvarleg etter rutinar utarbeidd av Skattedirektoratet. Departe-

mentet vil her også peike på at likningsstyremaktene sin kontrollverksemd regulerast av strenge teiepliktsføresegner, jf. likningslova § 3–13. Etter likningslova § 3–13 nr. 1 plikter dei tilsette i likningsetaten å hindre at uvedkomande får tilgang til eller kjennskap til det vedkomande får *«vite om noens formues- eller inntektsforhold eller andre økonomiske, bedriftsmessige eller personlige forhold»*.

*Datatilsynet* stiller spørsmål ved om fødselsnummer kan leverast ut til likningsstyresmaktene med heimel i personopplysningslova § 12. Departementet vil her peike på at opplysningar frå innløysarane ikkje inneheld fødselsnummer eller andre eintydige identifikasjonsmidlar. Det er bakgrunnen for at likningsstyresmaktene må kontakte brukarstadene for å identifisere kortinnehavarane. Dei opplysningane som likningsstyresmaktene kan innhente hos brukarstadene kan innehalde fødselsnummer, men dette vil avhenge av korleis den enkelte brukarstaden registrerar opplysningar. Dersom brukarstaden har fødselsnummer, så må likningsstyresmaktene gjere ei konkret vurdering etter personopplysningslova § 12 om det er naudsynt å innhente fødselsnummer for å oppnå ein sikker identifisering.

*Justis- og politidepartementet* har stilt spørsmål ved om kontrolloppgåvene brukarstadene og innløysarane vert pålagte er underlagt meldeplikt etter personopplysningslova § 31. Departementet meiner at så lenge ikkje brukarstadene og innløysarane opprettar eit nytt registar eller liknande i samband med utlevering av dei aktuelle opplysningane til likningsstyresmaktene, så vil dei ikkje vere behandlingsansvarlege for opplysningane og dermed ikkje meldepliktige.

## 6.6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei aktuelle korttransaksjonane vil vere identifiserte ved kortnummer, transaksjonsbeløp og stad og dato for transaksjonen. Departementet reknar med at det normalt vil vere lett for brukarstadene å leite fram den dokumentasjonen som kan innehalde namnet på kortinnehavaren. *Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon* meiner at det vil vere tidkrevjande for brukarstadene å skaffe dokumentasjonen som skal brukast til å identifisere kortbrukaren, og at det av omsyn til dei administrative konsekvensane for brukarstadene er viktig at mellom anna opplysningsplikta avgrensast til å gjelde identiteten til innehavarane av internasjonale betalingskort skrivne ut i utlandet. Departementet er einig i at opplysningsplikta bør avgrensast til å gjelde identiteten til innehavarar av internasjonale betalingskort skrivne ut i utlandet. Departementet vil i denne samanhengen peike på at denne typen kontroller ikkje er tenkt gjennomført kvart år. Det er altså ikkje snakk om å påleggje dei næringsdrivande ein ny, årlig rapportering. Dersom ein kortinnehavar er tilfredsstillande identifisert ved hjelp av opplysningar frå ein brukarstad, vil det i utgangspunktet ikkje vere naudsynt å kontakte fleire brukarstader kor det same kortet er blitt brukt. Det blir lagt opp til at dei brukarstadene kor flest kort er blitt brukt, i størst mogleg grad vil bli plukka ut, for på den måten å effektivisere arbeidet og avgrense talet på brukarstader som må medverke ved kontrollundersøkinga.

Når det gjeld konsekvensar for innløysarane ønskjer *Finansieringsselskapenes Forening* mellom anna at innløysarane blir gitt høve til å gjere dei naudsynte systemmessige tilpassingane slik at informasjonen kan samlast inn og bli gitt ut på ein måte som legg beslag på minst mogleg ressursar. Departementet har forståing for at det må bli gjort tilpassingar hos innløysarane, men reknar med at dette ikkje vil vere vanskeleg for innløysarane å gjennomføre.

Skattedirektoratet vil bruke den føreslåtte kontrollheimelen så langt slike kontrollar kan ventast å gi eit større bidrag til rett likning enn alternativ bruk av tilgjengelege kontrollressursar. For etaten vil det såleis ikkje dreie seg om meirforbruk av ressursar, men om å disponere innanfor eksisterande rammer for å få størst mogleg effekt av sin samla kontrollinnsats.

# 7 Endringar i likningslova for fiske- og fangstnæringa

## 7.1 Innleiing

Finansdepartementet foreslår ein heimel for å påleggje fiskesalslaga ukravd innrapportering til likningsstyresmaktene. Auka innsats for fastsetjing av riktig skattegrunnlag hos næringsdrivande er ei prioritert oppgåve for skatteetaten. Eit viktig verkemiddel i samband med dette er tiltak som effektiviserar kontrollarbeidet. Innrapportering frå fiskesalslaga vil mellom anna kunne bidra til å avdekke inntekt som ikkje er oppgitt, samt kunne forventast å ha ein preventiv effekt når det gjeld å hindre svart omsetning i fiskenæringa. Forslaget blir nærare omtalt under punkt 7.2.

Vidare blir det foreslått lovheimel for likningsstyresmaktene til påleggje gebyr ved for seint eller ikkje innleverte lønns- og trekkoppgåver i fiske- og fangstnæringa. Likningsstyresmaktene kan påleggje gebyr etter likningslova § 10–8 ved for seint eller ikkje innlevert lønns- og trekkoppgåve med frist 31. januar året etter inntektståret. Da fiske- og fangstnæringa har ein avvikande innleveringsfrist (20. februar), er det antatt at likningsstyresmaktene ikkje kan påleggje gebyr til arbeidsgivarar innan fiske- og fangstverksemd. Det er ikkje tilsikta at fiske- og fangstnæringa skal ha særlege reglar på dette området. § 10–8 blir derfor foreslått endra, slik at òg denne næringa blir omfatta av gebyrordninga. Forslaget blir nærare omtalt under punkt 7.3.

### 7.1.1 Høyring

Forslaga har vore sendt på felles høyring. Høyringsnotatet blei sendt til 32 organisasjonar og instansar. Departementet har fått høyringsfråsegn frå desse 18 instansane:

- NTL-Skatt
- Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- Skattebetalerforeningen
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- Den norske Revisorforening
- Datatilsynet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd
- Justis- og politidepartementet
- Norges Fiskarlag
- Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
- Norsk Sjømannsforbund
- Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening
- Fiskeri- og kystdepartementet
- Landsbruks- og matdepartementet
- Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)
- Nordland fylkes fiskarlag
- Skattedirektoratet

Desse høyringsinstansane har uttalt at dei ikkje har merknader til forslaga:

- Justis- og politidepartementet
- Arbeids- og inkluderingsdepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Skattebetalerforeningen
- Den norske Revisorforening
- Norsk Sjømannsforbund
- Landsbruks- og matdepartementet
- Næringslivets hovedorganisasjon (NHO)

Merknadene frå høyringsinstansane blir drøfta nedanfor i samband med behandlinga av dei enkelte forslaga.

## 7.2 Innrapportering frå fiskesalslaga

### 7.2.1 Innleiing

Finansdepartementet foreslår ein heimel for å påleggje fiskesalslaga ukravd opplysningsplikt til likningsstyresmaktene om verdien av all omsetning av råfisk som i første hand er omsett eller godkjent omsett gjennom salsorganisasjonen. Heimelen blir foreslått tatt inn i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) § 6–3 nr. 7. Noverande nr. 7 og 8 blir endra til nr. 8 og 9.

### 7.2.2 Bakgrunn

Fiskerinæringa er ei viktig næring i Noreg og blant dei største eksportnæringane i landet. I enkelte fylker er fiskerinæringa den største og viktigaste næringa. Samla omsetningsverdi av fisk i 2007 ser ut til å bli over 12 milliardar kroner.

Skatteetaten danna for nokre år sidan «Fiskeriprosjektet», der hovudformålet var *«å skaffe etaten grunnlag for å oppnå korrekt formell og materiell oppgavekvalitet i fiskerinæringen»*. Prosjektet har vore eit regionalt samarbeid med deltakarar frå fylkesskattekontora i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal, og sluttrapporten blei levert i desember 2002. I rapporten er det tilrådd å innføre ukravd opplysningsplikt for omsetning av fisk som går gjennom fiskesalslag. Ein føresetnad for dette tiltaket er ei lovendring og ei nærare regulering av oppgåveplikta i forskrift.

Innføring av ukravd opplysningsplikt blei enda meir aktuelt da forskrift 26. oktober 1956 nr. 1 om trekk i salgsoppgjør ved fiske og fangstvirksomhet (sikringstrekk), blei oppheva frå 1. januar 2001 (jf. forskrift 21. desember 2000 nr. 1564). Ordninga med sikringstrekk innebar at organisasjonar for omsetning av fisk og fangst skulle sørgje for at ein prosentdel av oppgjeret for salet blei satt av til dekning av skatt (sikringstrekk). Da desse reglane blei oppheva, mista likningsstyresmaktene høvet til å føre ein viss kontroll med dei som dreiv omsetning av fangsten gjennom salslaga. All førstehandsomsetning av fanga fisk som er omfatta av lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk (råfisklova), skal skje gjennom eller med godkjenning av godkjent salsorganisasjon (fiskesalslag). Det er i dag seks fiskesalslag, som fiskarane sjølv eig og driv. Desse har gjennom råfisklova einerett til førstehandomsetning av fisk innafor sine respektive område langs kysten.

### 7.2.3 Høyring

Forslag om innføring av heimel til å påleggje ukravd opplysningsplikt for fiskesalslaga blei sendt på høyring 25. juni 2007. I høyringsnotatet blei det mellom anna vist til at kontrolloppgåver frå salslaga vil være ein teneleg reiskap for å nå målsetjinga om avdekking av inntekt som ikkje er oppgitt. Oppgåvene kan òg bli nytta ved kontroll mot årsoppgåva for meirverdeavgift og ved fastsetjing av skjønn i dei tilfella skattytaren ikkje har levert oppgåve. Vidare vil opplysningane vere formålstenelege for å vurdera om skattytar har tilstrekkeleg aktivitet til å oppnå særskilt frådrag for fiskarar etter skattelova § 6–60. Likningsstyresmaktene vil også kunne bruke opplysningane til å avdekke om skattytarar driv verksemd utan at dette blir oppgitt til likningsstyresmaktene. Det blei også vist til at oppgåveplikt for salslaga antakeleg vil ha ein preventiv effekt når det gjeld å hindre svart omsetning. På lengre sikt vil opplysningane også kunne brukast i samband med førehandsutfylling av sjølvmelding for næringsdrivande.

*LO* og *NTL* støttar forslaget. *Fiskeri- og havbruksnæringen (FHL)* uttalar at dei som prinsipp er motstandar av at organisasjonane som har monopol på førstehandsomsetning av fisk etter råfisklova får fleire oppgåver. Men FHL gir uttrykk for støtte til ordningar som er naudsynte for å avdekke tilhøve som er i strid med norsk lov. *Fiskeridepartementet* har ingen merknader, men sendte over fråsegn frå Fiskeridirektoratet. *Fiskeridirektoratet* finn det rett at informasjonen salslaga har om omsetning av fisk, kommer skatte- og likningsetaten til gode. Direktoratet meiner også at salslaga er godt skodde for å innrapportere som foreslått, og at dei vil gjere det på ein god måte. Fiskeridirektoratet minner jamvel om den store utfordringa det inneber at fisk blir halde utanom registrering. *Skattedirektoratet* vil vere ansvarleg for å leggje til rette for eit system for innrapportering og kvalitetskontroll. Dei viser til at kostnadane ved etablering vil vere minimale i høve til den skatte- og kontrollmessige nytteverdien av ei slik løysing. Dei administrative kostnadane vil for det meste kome til i samband med oppstartsfasen og innrapporteringa det første året. *Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)* har enkelte merknader til gjennomføringa av sjølve innrapporteringa. *Nordland fylkes fiskarlag* går i mot forslaget om nye reglar for innrapporteringa frå fiskesalslaga. *Norges Fiskarlag* meiner forslaget er lite konkret med omsyn til korleis opplysningar frå salslaga skal nyttast som ein teneleg reiskap ved likninga, og visar til at næringa består av både båteigarar og lott- og prosentfiskarar. Fiskarlaget kan sjå at innrapportering frå salslaga kan gi nyttig informasjon til likningsstyresmaktene når det gjeld intensjonen i forslaget om betre kontroll av liknings- og årsoppgåve for meirverdeavgift for fartøyet og avdekking av verksemd som ikkje er oppgitt til likningsstyresmaktene. Norges Fiskarlag peiker på generelt grunnlag på at det er viktig at styresmaktene i einkvar samanheng prøver å effektivisere og redusere dei ulike informasjonskrav som næringslivet blir pålagd. *Datatilsynet* viser til at elektronisk innrapportering av opplysningar om næringsdrivande må skje utan bruk av fødselsnummer. *Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd* tar forslaget om innføring av innrapporteringsplikt til etterretning, men har ein del kommentarar til høyringsnotatet. Samarbeidsrådet ber om avklaring på om *all* omsetning av råfisk i første hand betyr at omsetning frå utanlandske fartøy skal vere omfatta av opplysningsplikta. Vidare stillast det spørsmål ved om omgrepet «kontrolloppgaver» i likningslova § 6–16 bokstav c er hensiktsmessig. Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd peiker også på at inn-

rapportering vil føre til systemtekniske, driftsmessige og administrative kostnadar for salslaga.

### 7.2.4 Vurderingar frå departementet

Auka innsats for fastsetjing av riktig skattegrunnlag hos næringsdrivande er ei prioritert oppgåve i skatteetaten. Eit viktig verkemiddel i samband med dette er tiltak for meir effektivt kontrollarbeid. Likningslova er basert på at den einskilde skattytar uoppmoda skal gi nærare angitte opplysningar til likningsstyresmaktene (sjølvmeldingsprinsippet). Erfaringane viser at opplysningane som skattytar gir i sjølvmeldinga, ikkje alltid gir eit tilstrekkeleg grunnlag for rett fastsetjing av formue og inntekt. Dette er bakgrunnen for at likningslova i atskillig utstrekning pålegg ulike tredjemenn å gi opplysningar om andre sine formues- og inntektstilhøve.

Kontrolloppgåver frå fiskesalslaga vil kunne bidra til å avdekke inntekt som ikkje er oppgitt. Tilhøva i fiskerinæringa ligg til rette for ei slik oppgåveplikt. All fisk som blir omfatta av råfisklova skal omsetjast gjennom eller med godkjenning av godkjent salsorganisasjon (fiskesalslag). Kontrolloppgåvene skal gis i samband med omsetning i første ledd av råstoff (landa fisk), som deretter blir selt vidare og blir foredla i mange ledd fram til forbrukar. Rapportering av omsetning til skattestyresmaktene vil kunne ha stor preventiv effekt og leie til rett skatt og avgift i fiskerinæringa, etter mønster av den innrapporteringsordninga som har eksistert i landbruksnæringa i mange år. Dette kan bli ein ny giv for å få oversikt over marknaden og kontroll på førstehandsomsetninga i fisket. Dette vil igjen gjere det vanskelegare å drive med svart omsetning utanfor skatte- og avgiftsstyresmaktene sin kontroll. Kontrolloppgåver frå fiskesalslaga vil mellom anna kunne brukast til skjønnsfastsetjing av omsetning og avdekking av avvik mellom påstanden til skattytaren og reell omsetning via fiskasalslaga. Kontrolloppgåvene vil også kunne avdekke einingar som omsetter gjennom fiskesalslag, men som ikkje er registrert i meirverdeavgiftsregisteret. Opplysningane i kontrolloppgåvene vil også kunne vere formålstenelege for å vurdere om skattytar har tilstrekkeleg aktivitet for å oppnå særskilt frådrag for fiskarar etter skattelova § 6–60.

Ein stor del av tredjemannsopplysningane som leverast ukravd etter likningslova kapittel 6 har dei siste åra gått frå å vere kontrolloppgåver til å danne grunnlag for skatteetaten si førehandsutfylte sjølvmelding. Når det gjeld innrapporteringane frå fiskesalslaga, ønskjer skatteetaten å vurdere preutfylling av sjølvmeldinga for næringsdrivande når kvaliteten på kontrolloppgåvene er god nok. Sjølve innrapporteringa vil i hovudsak vere knytt til organisasjonsnummer, og vil som for andre næringar følgje skatteetatens krav til personvern og tryggleik.

Forslaget går ut på at godkjent salsorganisasjon ukravd skal gi opplysningar om all omsetning av råfisk som i førstehand er omsett eller godkjent omsett gjennom salsorganisasjon. Så lenge omsetninga skjer gjennom salslaga, er det ikkje noko skilje mellom norske og utanlandske næringsdrivande. Det vil seie at også omsetning av fisk frå utanlandske fartøy i utgangspunktet skal innrapporterast.

### 7.2.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget inneber at fiskesalslaga må innrette verksemda si slik at dei kan foreta maskinell innrapportering. Innrapporteringa vil medføre systemtekniske, driftsmessige og administrative konsekvensar for salslaga. Desse laga har likevel allereie omfattande oversikt over innrapportert omsetning, samt system for elektronisk innrapportering frå produsent til fiskesalslag. Informasjon om all fisk som omsetjast i Noreg blir dessutan formidla vidare til Fiskeridirektoratet, og dannar grunnlag for kvotekontroll og statistikk. Departementet legg til grunn at dette gir gode føresetnader for å tilpasse informasjon og rapportering frå fiskesalslaga til likningsstyresmaktene. Innføring av ukravd opplysningsplikt for salslaga vil føre til at den enkelte næringsdrivande som handlar med salslaga i større grad får klarlagt sine eigne omsetningstilhøve ovanfor likningsstyresmaktene. Det er usikkert kva for provenymessige verknader dette vil ha, men det vil klårt forenkle kontrollarbeidet for likningsstyresmaktene.

Forslaget inneber at skatteetaten vil få kontrollopplysningar frå eit nytt næringsområde. Dette vil først og fremst medføre kostnader i samband med etableringa av systemet i etaten. Kostnadene ved etablering vil vere minimale i høve til den skatte- og kontrollmessige nytteverdien ein slik løysing vil gi. I tillegg til utvikling av sjølve systemet, kjem kostnader til utarbeiding av informasjonsmateriell og oppfølging av oppgåvepliktige, først og fremst i samband med oppstartsfasen og innrapporteringa det første året.

### 7.2.6 Forslag frå departementet

Departementet foreslår ein heimel for å påleggje fiskesalslaga ukravd opplysningsplikt om verdien av all omsetning av råfisk som i første hand er omsett eller godkjent omsett gjennom salsorganisasjon. Ettersom fiskerinæringa må betraktast som ei

eiga næring, foreslår ein at føresegna om opplysningsplikt for fiskesalslaga blir teke inn som nr. 7 i likningslova § 6–3. Noverande nr. 7 og 8 blir endra til nr. 8 og 9. Ein viser til forslag til endringar i likningslova § 6–3. Den nærare reguleringa av oppgåveplikta for fiskesalslaga blir fastsett i forskrift med heimel i likningslova § 6–16. Ein foreslår at likningslova § 6–16 c blir endra slik at likningsstyresmaktene får heimel til å krevje opplysningane i maskinleseleg form. Ein viser til forslag til endringar i likningslova § 6–16 c. Det blir lagd opp til at fristen for innrapportering blir sett til 31. januar året etter inntektsåret.

Endringane blir foreslått å tre i kraft straks, men med verknad først for innrapportering av omsetning i 2009. Dei første innrapporteringane frå salslaga skal da sendast inn innan 31. januar 2010. Dette gir salslaga og skatteetaten god tid til å planleggje og iverksetje den nye innrapporteringsordninga.

## 7.3 Gebyr ved for seint eller ikkje innlevert lønns- og trekkoppgåve innan fiske- og fangstverksemd

### 7.3.1 Innleiing

Finansdepartementet foreslår endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) § 10–8. Arbeidsgivarar innan fiske- og fangstverksemd skal levere lønns- og trekkoppgåver innan 20. februar året etter inntektsåret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrift 19. desember 1986 nr. 2229 etter likningslova. Likningsstyresmaktene kan påleggje gebyr ved for seint eller ikkje innleverte lønns- og trekkoppgåver for oppgåver som har leveringsfrist innan 31. januar, jf. likningslova § 10–8 nr. 1 første punktum. Ein har difor lagt til grunn at likningsstyresmaktene ikkje har hatt heimel til å påleggje gebyr til arbeidsgivarar innan fiske- og fangstverksemd. Departementet foreslår å endre fristen «innen 31. januar» til «innen de fastsatte frister». Dette vil føre til at også arbeidsgivarar innan fiske og fangst kan bli pålagd gebyr ved for seint eller ikkje leverte lønns- og trekkoppgåver.

### 7.3.2 Bakgrunn for forslaget

Det har ikkje vore tilsikta at det for fiske- og fangstnæringa skal gjelde særlege reglar på dette området. Når dette likevel er blitt situasjonen, har dette truleg si årsak i at likningslova § 10–8 med tilhørande forskrifter ikkje blei oppdatert da føresegna om forlenging av innleveringsfristen til 20. februar for fiske- og fangstnæringa i 2001 blei tatt inn i forskrift 19. desember 1986 nr. 2229 om hvor og når lønnsoppgave mv. skal leveres § 5 fjerde ledd.

### 7.3.3 Høyring

Forslag om innføring av gebyr ved for seint eller ikkje innlevert lønns- og trekkoppgåve innan fiske- og fangstverksemd blei sendt på høyring 25. juni 2007. I høyringsnotatet er det vist til at formålet med likningslova § 10–8 og gebyrforskrifta er å ha eit effektivt sanksjonsmiddel for å få inn oppgåver i tide og med korrekte opplysningar. Dette må gjelde uavhengig av kven som er oppgåvegivar, slik at også arbeidsgivarar i fiske og fangst bør kom inn under gebyrordninga ved for sein levering. Dagens avvikande løysing har ikkje vore tilsikta.

*Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening, Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening, Fiskeri- og kystdepartementet, Skattedirektoratet* og *Datatilsynet* hadde ingen merknader til høyringa. *NTL-Skatt* og *LO* støttar forslaget. *Nordland fylkes fiskarlag* går i mot forslaget, men har ingen konkrete innvendingar. *Fiskesalgslagenes Samarbeidsråd* gjer merksam på at det kan oppstå tidsavvik mellom opplysningar frå salslaga og innrapporteringa frå fiskarane. Salslaga vil ved til dømes korreksjon rapportere inn korreksjonen på eit anna inntektsår enn det fiskarane rapporterer inn. *Norges fiskarlag* meiner at fristen for innlevering av oppgåvene ikkje bør endrast frå 20. februar til 31. januar. Det blir ikkje foreslått endring av denne innleveringsfristen.

### 7.3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Formålet med å påleggje gebyr er å ha eit effektivt sanksjonsmiddel for å få inn oppgåver i tide og med korrekte opplysningar. Dette må gjelde uavhengig av kven som er oppgåvegivar. Som vist til i høyringsnotat er det ikkje tilsikta at fiske- og fangstnæringa skal ha særlege reglar på dette området. Sjølve oppgåveplikta er gamal også i denne næringa. Levering til rett tid er viktig mellom anna for at opplysningane skal kome med i førehandsutfylt sjølvmelding til dei lønstakarane som oppgåvene gjeld. Departementet foreslår difor at likningslova § 10–8 endrast slik at likningsstyresmaktene kan påleggje gebyr også ved for seint eller ikkje levert oppgåve frå arbeidsgivarar i fiske- og fangstverksemd. Fiske- og fangstnæringa vil dermed bli omfatta av den eksisterande gebyrordninga som gjeld for andre næringar.

Finansdepartementet er klar over at omgrepet «gebyr» ikkje er heilt treffande i denne samanheng.

Departementet tar sikte på å gå gjennom skatte- og avgiftslovgivinga for å sjå på moglegheita til å utarbeide ein meir einsarta og hensiktsmessig omgrepsbruk når det gjeld reaksjonar for mellom anna for seint eller ikkje leverte oppgåver.

### 7.3.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje vil ha monalege økonomiske og administrative konsekvensar.

# 8 Omtale av skattefritaket for gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap

I medhald av skattelova § 2–30 første ledd bokstav h nr.1 har gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap med plan som er stadfesta av Kongen, fritak for skatteplikt.

Skattefritaket skriv seg frå skattelova av 1911. Formålet den gong var å gjere det mogeleg for føretaka å byggje opp fond for å dekkje framtidig skade medlemma kunne bli råka av og å halde rimelege premiar for å få så mange som mogeleg til å forsikre seg. Føretaka som var aktuelle, var små og gjerne lokalt basert, hadde berre konsesjon til å drive brann- og husdyrforsikring og hadde ikkje inntekt som føremål. På 1970-tallet blei det opna for at føretaka også kunne drive annan type forsikringsverksemd.

Skattefritaket i § 2–30 bokstav h nr. 1 er i dag aktuelt for ca. 20 registrerte føretak med konsesjon til å drive brann- og husdyrforsikringsverksemd.

Ein endeleg lagmannsrettsdom frå 2001 legg til grunn at gjensidig selskap, som er å anse som brann- og husdyrforsikringsselskap, er utan skatteplikt for inntekt og formue for all si verksemd – også for anna verksemd enn brannforsikring. Lagmannsretten gav fråsegn om at føresegna gir einskilde selskap skatteføremoner framfor andre selskap som driv liknande verksemd, og at dette kan leie til konkurranseføremoner, men legg til at ein eventuell endring her må vere ei oppgåve for lovgjevar.

Det er i dag mange og ulike aktørar som tilbyr brann- og/eller husdyrforsikringar. Også norske aksjeselskap som ikkje er omfatta av fritaket i § 2–30, tilbyr brannforsikring. EØS-avtalen gjer det dessutan mogeleg for forsikringsselskap i andre EØS-land, med konsesjon til å drive slik verksemd der, å tilby sine tenester i Noreg. Dette kan gjerast gjennom norske dotterselskap, gjennom filial av det utanlandske selskapet eller som grenseoverskridande verksemd i Noreg. Korkje norsk filial av utanlandsk verksemd eller grenseoverskridande verksemd treng konsesjon i Noreg, dersom selskapet har tilsvarande konsesjon i heimlandet (innanfor EØS). Heller ikkje utanlandske selskap som tilbyr sine tenester her etter nemnde reglar, er femna av skattefritaket i skattelova § 2–30 første ledd. Fritaket har følgjeleg element av særbehandling som kan være vanskelege å foreine med krava etter EØS-avtalen.

Ved innføring av fritak for gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap, var det få aktørar på denne marknaden. Omsyna som grunngav fritaket, det vil seie å gjere det mogeleg for selskapa å byggje opp fond, samt holde premiane låge slik at flest mogeleg kunne forsikre seg, var langt meir aktuelle den gong. Desse omsyna gjer seg ikkje gjeldande på same måten i dag. Dei aktuelle verksemder har gjennom mange år bygd opp fond, slik at trongen for ytterligare oppbygging av fond for å kunne halde gunstige vilkår for forsikringskundane ikkje lenger er tilstades. I dag er behovet for brannforsikring ålment akseptert og det er ikkje nødvendig med skattetiltak for å sikre at forsikringspremiane er så låge som mogeleg.

Skattefritaket for gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap inneber ei uheldig konkurransevriding mellom ulike forsikringsselskap. I tillegg kan reglane vere problematiske på grunn av statsstøtteregelverket etter EØS-avtalen. Føresegna er dessutan uklar, og den opphavlege grunngjevinga for fritaket gjer seg ikkje gjeldande lenger. Departementet vil derfor vurdere å oppheve skattefritaket for gjensidig brann- og husdyrforsikringsselskap med verknad frå inntektsåret 2008, i samband med budsjettet for 2009.

# 9 Omtale av forholdet mellom pensjonsbegrepet og personinntektsbegrepet i skattelova

Til vanleg er pensjonsutbetalingar personinntekt i skattesystemet, med både netto- og bruttoskatteplikt. Dette gjeld både offentleg pensjon, tjenestepensjon opptent gjennom arbeid, og pensjon opptent gjennom kapitalinnskot og kapitalforvaltning i finansinstitusjon.

Skattedirektoratet gav 30. august 2007 ei bindande førehandsfråsegn om sal av selskapsandelar med delvis vederlag i form av pensjon til seljaren. I førehandsfråsegna var konklusjonen at terminbeløpa som seljar mottek som pensjon, skulle klassifiserast som pensjon utanfor arbeidsforhold. Terminbeløpa vil da berre bli skattlagde som alminneleg inntekt, ikkje som personinntekt med bruttoskattar.

Departementet ser at det kan vere eit visst grunnlag for ei slik tolking av gjeldande rett, og finn det naudsynt å vurdere ei anna løysing på området.

Etter departementet si meining talar sterke omsyn for at også pensjon som blir finansiert ved overdraging av verksemd og eigedelar, blir skattlagd som personinntekt. Resultatet i den nemnde førehandsfråsegna kan gjere det mogeleg å omgå den normale bruttoskatteplikta for pensjon, ved at pensjonsrettar blir knytt til sal av selskapsandelar. Også pensjon som er finansiert på denne måten, bør som annan pensjon vere både netto- og bruttoskattepliktig.

Departementet ønskjer med denne orienteringa til Stortinget å gjere det kjent at dei gjeldande reglane på området er til vurdering. Resultatet av vurderinga vil bli lagt fram for Stortinget i samband med budsjettet for 2009. Det kan bli aktuelt å gi eventuelle endringar verknad allereie frå inneverande år.

# 10 Oppretting av feil og klargjering av lovtekst

## 10.1 Endring i skattelova § 2–38 for å presisere at europeiske selskap og europeiske samvirkeforetak omfattast av fritaksmetoden

Ved lov av 1. april 2005 nr. 14 om europeiske selskap og lov av 30. juni 2006 nr. 50 om europeiske samvirkeforetak blei det gitt reglar om to nye foretaksformer. Lovene gjennomfører rådsforordning (EF) nr. 2157/2001 av 8. oktober 2001 om vedtektene for det europeiske selskap (SE) og rådsforordning (EF) nr. 1435/2003 om vedtektene for europeiske samvirkeforetak i norsk rett. Disse forordningane er ein del av EØS-avtalen og dermed bindande for Noreg.

For europeisk selskap med forretningskontor i Noreg gjeld allmennaksjelova tilsvarande så langt den passar. For europeisk samvirkeforetak med forretningskontor i Noreg gjeld samvirkelovgivinga så langt den passar. Selskapsformene svarer såleis i all hovudsak til allmennaksjeselskap og samvirkeforetak. Den vesentlege skilnaden er at selskapa skal kunne flytte hovudkontor innanfor EØS utan at dei må oppløysas og nystiftas.

I skattelova § 2–38 første ledd, som angir dei selskapa som omfattas av fritaksmetoden for skattlegging av aksjeinntekter, vises det mellom anna til skattelova § 2–2 første ledd bokstav a til d. Europeisk selskap og europeisk samvirkeforetak er ikkje særskilt nemnt i skattelova § 2–2 første ledd bokstav a til d. Dette inneber at det ikkje går klart fram at europeisk selskap og europeisk samvirkeforetak er omfatta av fritaksmetoden.

Etter departementet sitt syn bør det gå klart fram av skattelova § 2–38 første ledd at europeisk selskap og europeisk samvirkeforetak er omfatta av fritaksmetoden. Det vises til forslag til § 2–38 første ledd ny bokstav i og j.

## 10.2 Lov om likningsforvaltning

Lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning § 4–10 gjeld pålegg om å medverke til undersøkingar. Etter § 4–10 nr. 2 første punktum har «regnskapspliktig» skattytar plikt til å leggja fram rekneskapsbøker og dokument som nemnd i nr. 1 a utan omsyn til teieplikt.

Kven som er «regnskapsplikig» er definert i lov 17. juni 1998 nr. 56 om årsregnskap m.v. (regnskapsloven) § 1–2. Ved lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven) blei omgrepet «bokføringspliktig» innført. Dette er definert i bokføringslova § 2, og omfattar alle som har rekneskapsplikt, plikt til å levere næringsoppgåve etter likningslova eller omsetningsoppgåve etter meirverdiavgiftslova, samt dei skattestyresmaktene pålegg bokføringsplikt. Dette var tidligare omfatta av omgrepet «regnskapspliktig», og følgde av rekneskapslova § 1–2, sjå Ot.prp. nr. 46 (2003–2004) s. 110.

Etter gjeldande rett er dermed omgrepet «bokføringspliktig» meir omfattande enn «regnskapspliktig», noko som betyr at likningslova § 4–10 nr. 2 har fått eit snevrare verkeområde enn før innføring av bokføringslova. Dette er ikkje tilsikta, og departementet foreslår at «regnskapspliktig» i likningslova § 4–10 nr. 2 første punktum blir endra til «bokføringspliktig».

Departementet viser til forslag til endring i likningslova § 4–10 nr. 2 første punktum.

## 10.3 Bokføringspålegg og tvangsmulkt på vilkår ved brot på bokføringslovgivinga

I lov 14. desember 2007 nr. 100 vart det vedtatt reglar i skattebetalingslova av 1952, meirverdiavgiftslova, likningslova og skattebetalingslova av 2005 som gir skatte- og avgiftsstyresmaktene heimel til å gi bokføringspålegg og fatte vedtak om tvangsmulkt på vilkår ved brot på bokføringslovgivinga. Reglane er sett i kraft.

Det er lagt opp til at retten til å klage skal følgje klagereglane i den lova som heimlar bokføringspålegget og vedtaket om tvangsmulkt, det vil seie anten skattebetalingslova av 1952, meirverdiavgiftslova, likningslova eller skattebetalingslova av 2005.

Bokføringspålegg og vedtak om tvangsmulkt på vilkår gitt med heimel i meirverdiavgiftslova er ikkje ein del av sjølve avgiftsberekninga etter meir-

verdiavgiftslova, jf Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) side 180. Der er det vidare uttrykt: «Klage over vedtakene vil følge reglene i forvaltningsloven, slik at den bokføringspliktige kan klage til Skattedirektoratet». Forvaltningslova har reglar om klage over vedtak i § 29. Eit bokføringspålegg vil ikkje vere eit «vedtak» etter definisjonane i forvaltningslova § 2 bokstav a og bokstav b. Bokføringspålegg vil vere ein type prosessledande avgjerd, og det er ikkje heimel for å klage på denne typen avgjerd i forvaltningslova.

Det vil vere rett til å klage over bokføringspålegg gitt med heimel i skattebetalingslova av 1952, sjå § 47b, likningslova, sjå § 3–6 og ny skattebetalingslov, sjå § 5–15. For at det også skal vere heimel til å klage over bokføringspålegg gitt med heimel i meirverdiavgiftslova, foreslår departementet eit nytt punktum i meirverdiavgiftslova § 46a, som seier at klagereglane i likningslova § 3–6 gjeld tilsvarande ved klage over bokføringspålegg gitt med heimel i meirverdiavgiftslova. Departementet viser til forslag til nytt siste punktum i meirverdiavgiftslova § 46a. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 10.4 Lov om meirverdiavgift

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 50 andre ledd bokstav b og c er det tilvisingar til lov 14. juni 1985 nr. 61 om verdipapirhandel og lov 16. juni 1989 nr. 53 om eiendomsmegling. Begge lovane er oppheva. I bokstav b vil rette tilvising no vere lov 29. juni 2007 nr. 75 om verdipapirhandel (verdipapirhandelloven). I bokstav c vil rette tilvising no vere lov 29. juni 2007 nr. 73 om eiendomsmegling.

Departementet foreslår at tilvisingane til lovane blir retta opp og viser til forslag til endring av meirverdiavgiftslova § 50 andre ledd bokstav b og c.

## 10.5 Lov om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen

Etter lov om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen § 3 kan $CO_2$-avgifta *«ikke trekkes fra ved beregning av produksjonsavgift etter petroleumsloven § 4–9»*.

Ved lov 27. juni 2003 nr. 68 blei lovføresegna i petroleumslova § 4–9 flytta til petroleumslova § 4–10, jf. Ot.prp. nr. 46 (2002–2003). I samband med lovendringa blei tilvisinga i $CO_2$-avgiftslova § 3 ved ein inkurie ikkje endra tilsvarande. Departementet foreslår at dette blir retta opp.

I nasjonalbudsjettet 2000 vedtok Stortinget å gradvis avvikle produksjonsavgifta, jf. St.prp. nr. 1 (1999–2000) Skatte-, avgifts- og tollvedtak punkt 3.25 og Budsjett-innst. S.nr.1 (1999–2000) punkt 6.25. I dag inneber dette at frådrag for $CO_2$-avgift ved berekning av produksjonsavgift ikkje er ei aktuell problemstilling.

Departementet viser til forslag til endring av lov om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen § 3. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

## 10.6 Petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd

Reglane om finansielle postar i petroleumsskattelova vart endra ved lov 15. desember 2006 nr. 75 med verknad frå inntektsåret 2007. Grunngjevinga bak lovforslaget var å redusere tilpassingane til oljeselskapa, korrigere minstekapitalregelen og forenkle skattereglane (til dømes behandlinga etter petroleumskattelova § 10). Sjå Ot.prp. nr. 1 (2006–2007) kapittel 9 for ei nærmare utgreiing av lovforslaget.

Endringslova innførde mellom anna nye reglar om fordeling av finansielle postar mellom sokkel og land, jf. petroleumsskattelova § 3 d. Etter dei nye reglane skal ein fastsetje skattefrådraget for rentekostnader og tilhøyrande valutaposter på renteberande gjeld basert på skattemessige verdiar av formuesobjekt tilordna sokkeldistriktet etter ein nærmare regulert formel. Petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd angir dei fysiske og immaterielle driftsmidla tilordna sokkeldistriktet som ein skal rekne som formuesobjekt etter formelen. I Ot.prp. nr. 1. (2006–2007) punkt 9.6.3 heiter det:

> «I tillegg til nevnte realaktiva (og eventuell utvinningstillatelse), foreslår departementet at også immateriell kapital i utgangspunktet skal inngå i sokkelgrunnlaget. Det gjelder for det første ervervede immaterielle formuesobjekter i utvinningsvirksomheten, med unntak av forretningsverdi. Videre skal medtas aktiverte kostnader til forskning og utvikling etter skatteloven § 6–25. I Ot.prp. nr. 86 (2000–2001) er det gitt en nærmere redegjørelse og begrunnelse for å henføre disse driftsmidlene til sokkelgrunnlaget ved fordeling etter gjeldende regel i petroleumsskatteloven § 3 d. Det vises til gjennomgangen der, som har tilsvarende relevans i forhold til spørsmålet om hvilke formuesobjekter som skal medtas i sokkelgrunnlaget etter departementets forslag her.»

Før lovendringa i 2006 synte petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd bokstav b til skattelova § 14–

40 bokstav a. Då petroleumsskattelova blei endra har koplinga til skattelova § 14–40 *bokstav a* ved ein inkurie falt ut av føresegna.

Slik petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd bokstav b er utforma i dag, skal òg *«[e]rvervet forretningsverdi med kostpris på 15 000 kroner eller høyere»* tilordnes sokkeldistriktet ved bruk av formelen (skattelova § 14–40 første ledd bokstav b). Det er ikkje i samsvar med forslaget frå departementet, sjå Ot.prp. nr. 1. (2006–2007) punkt 9.6.3 sitert over. Departementet viser òg til notat om finansielle postar i petroleumsskattelova som blei sendt på høyring 2. juni 2006.

Departementet gjer framlegg om å rette koplinga til skattelova § 14–40. Sjå forslag til endring av petroleumsskattelova § 3 d tredje ledd bokstav b.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

## 10.7 Lov om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard

Frå 1. januar 2008 blei skatteetaten organisert i fem regionar, og kvar region fekk eit skattekontor som erstatta likningskontora, fylkesskattekontora, skattefutkontora og folkeregisteret i regionen. Den nye organiseringa er nærare forklart i Ot.prp. nr. 1 (2006–2007) kapittel 3.

Reorganiseringa av skatteetaten kravde ei rekkje lovendringar. Mellom anna måtte alle føresegner der det blei vist til «likningskontor» og «likningsnemnd» endrast til «skattekontor» og «skatteklagenemnd». Departementet foreslår at dette også blir gjort i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard.

Departementet viser til forslag til endringar i lov om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard §§ 3, 4, 5 og 6.

## 10.8 Lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skattelova)

I Ot.prp. nr. 31 (2007–2008), jf. Innst. O. nr. 46 (2007–2008), blei det foreslått endringar i overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga som blei vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107. Endringane i overgangsreglane blei vedteke av Odelstinget 26. april 2008 og av Lagtinget 29. april 2008, jf. Besl. O. nr. 72 (2007–2008), og sanksjonert i statsråd 9. mai 2008.

Ved ein feil er det i forslaget og dermed også i vedtaket gjort endringar i del IX i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven). Endringa skulle ha gjeldt del X i denne lova. Departementet føreslår at dette blir retta opp.

Departementet viser til forslag til endringar i del IX og X i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven). Departementet føreslår at endringane blir sett i kraft straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endringar i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard
- lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endring i lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endringar i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard
- lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endring i lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

i samsvar med eit vedlagt forslag.

# Forslag

## til lov om endringar i lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard

I lov 17. juli 1925 nr. 2 om avgift av kull, jordoljer og andre mineraler og bergarter som utføres fra Svalbard gjer ein følgjande endringar:

I

§ 3 første ledd andre punktum skal lyde:
Boken innsendes til *skattekontoret* innen 31 desember, ledsaget av de bevisligheter, departementet foreskriver.

§ 3 andre ledd siste punktum skal lyde:
Avskrift av regnskapet innsendes til *skattekontoret* innen 31 desember.

§ 4 første ledd første punktum skal lyde:
*Skattekontoret* beregner avgiften og i tilfelle de beløp for hvilke produsentene er medansvarlige på grunnlag av de meddelte opgaver.

§ 4 andre ledd første punktum skal lyde:
Undlater den avgiftspliktige å føre eller til bestemt tid å innsende boken med bilag til *skattekontoret,* eller undlater han å efterkomme en opfordring fra ligningsmyndighetene for Svalbard om å meddele oplysninger, taper han retten til å inngi klage, medmindre han godtgjør omstendigheter, som finnes fyldestgjørende til undskyldning for forsømmelsen.

§ 5 skal lyde:
Når avgiften er beregnet skal *skattekontoret* sende beregningen i rekommandert brev til den opgitte adresse i Norge for den avgiftspliktige selv (i tilfelle både utskiber og produsent) eller hans fullmektig. Har en avgiftspliktig, som ikke er hjemmehørende i Norge, undlatt å opgi fullmektig, utlegges brevet til avhentning på *skattekontoret.*

Klage over beregningen må være innkommet til *skattekontoret* innen 6 uker fra den dag, da beregningen i overensstemmelse med forrige ledd blev sendt den avgiftspliktige eller hans fullmektig eller utlagt på *skattekontoret.* Dog kan ligningsmyndighetene på andragende innrømme forlengelse av klagefristen.

Klager, som ikke helt imøtekommes av *skattekontoret,* skal det oversende til *skatteklagenemnda* for Svalbard til avgjørelse. Før avgjørelse treffes skal der gis den avgiftspliktige anledning til fornyet uttalelse.

§ 6 første ledd skal lyde:
Avgiften innbetales til skatteoppkreveren for Svalbard innen 6 uker fra den dag, da beregningen blev sendt den avgiftspliktige eller hans fullmektig eller utlagt på *skattekontoret.*

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

# Forslag
# til lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift gjer ein følgjande endringar:

I

§ 46 a nytt siste punktum skal lyde:

*Reglene om klage over pålegg i ligningsloven § 3–6 skal gjelde tilsvarende for klage over bokføringspålegg etter denne bestemmelsen.*

§ 50 andre ledd bokstav b skal lyde:

b) myndigheter som er tillagt kontrollerende funksjoner etter *lov 29. juni 2007 nr. 75* om verdipapirhandel, etter krav fra avgiftsmyndighetene gi opplysninger som de er blitt kjent med under dette arbeid, såfremt opplysningene er gitt kontrollorganet i medhold av lovbestemt opplysningsplikt,

§ 50 andre ledd bokstav c skal lyde:

c) myndigheter som er tillagt kontrollerende funksjoner etter *lov 29. juni 2007 nr. 73* om eiendomsmegling, etter krav fra avgiftsmyndighetene gi opplysninger som de er blitt kjent med under dette arbeid,

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

# Forslag

## til lov om endringar i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.

I lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. gjer ein følgjande endringar:

I

§ 3 tredje ledd bokstav b skal lyde:

b) Driftsmiddel som nevnt i skatteloven § 14–40 første ledd *a,* og kostnader som er påløpt til erverv av slikt driftsmiddel per 31. desember i inntektsåret,

II

§ 7 nr. 2, 3 og 4 skal lyde:

2. Terminskatt etter nr. 1 skal skrives ut til det beløp som utlignet skatt ventes å utgjøre for vedkommende inntektsår. Ved utskrivningen fordeles terminskatten i *seks* deler, jf. annet ledd. Den skattepliktige skal ha adgang til å uttale seg før utskrivningen finner sted.

Terminskatten forfaller til betaling *1. august, 1. oktober og 1. desember* i inntektsåret og *1. februar, 1. april og 1. juni* i det påfølgende år.

Resterende skatt forfaller til betaling 3 uker etter utleggelsen av ligningen.

3. Terminskatt kan forhøyes eller nedsettes fram til forfallstid for *fjerde termin med virkning for de tre siste terminene.*

Den skattepliktige skal ha adgang til å uttale seg før forhøyelse eller nedsettelse finner sted.

4. Skattyteren kan ved forfall *for andre termin med virkning for de tre første terminene* innbetale tillegg til utskrevet terminskatt når denne antas utilstrekkelig til å dekke den skatt som ventes utlignet. *Tilsvarende kan skattyteren ved forfall for femte termin med virkning for de tre siste terminene innbetale tillegg til utskrevet terminskatt.*

III

Endringa under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

Endringane under II trer i kraft straks med verknad for terminskatt for inntektsåret 2008 og seinare år.

# Forslag
# til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)

I lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) gjer ein følgjande endringar:

I

§ 4–10 nr. 2 første punktum skal lyde:

*Bokføringspliktig* skattyter har under bokettersyn plikt til å legge fram regnskapsbøker og dokumenter som nevnt i nr. 1 a uten hensyn til den taushetsplikt han er pålagt ved lov eller på annen måte.

§ 6–3 nr. 3 skal lyde:

*Med sikte på å avklare identiteten til innehaver og bruker av utenlandske betalingskort som er brukt i Norge, plikter brukersted for betalingskort etter krav fra Skattedirektoratet eller den direktoratet gir fullmakt, å gi opplysninger og fremlegge dokumentasjon knyttet til nærmere angitte transaksjoner.*

Noverande § 6–3 nr. 3 til 7 blir nr. 4 til 8. Som følgje av denne forskyvinga må nr. 7 lyde:

Departementet kan gi forskrifter om oppgave- og opplysningsplikt som nevnt i nr. 1 og *nr. 4* også for ikke navngitte næringsdrivende.

II

§ 10–8 nr. 1 første punktum skal lyde:

1. Den som ikke leverer oppgaver etter §§ 6–16 c og 6–13 nr. 3 *innen de fastsatte frister* eller unnlater å gi opplysninger etter § 6–10 nr. 1 og 2 innen fristen i samme bestemmelse nr. 3, kan ilegges et gebyr.

III

§ 6–3 nr. 7 skal lyde:

*Godkjent salgsorganisasjon for fisk, jf. lov 14. desember 1951 nr. 3 om omsetning av råfisk § 2, skal ukrevet gi opplysninger om all omsetning av råfisk som i førstehånd er omsatt eller godkjent omsatt gjennom salgsorganisasjonen.*

Noverande § 6–3 nr. 7 og 8 blir nr. 8 og 9.

§ 6–16 bokstav c skal lyde:

c. i forskrift bestemme at følgende oppgaver skal leveres i maskinlesbar form: Lønnsoppgaver mv. etter § 6–2, saldo- og renteoppgaver ved årsskifte eller ved oppgjør av konti i løpet av det siste inntektsår etter § 6–4 og § 6–13 nr. 2 d, kontrolloppgaver etter § 6–3 nr. *6 og 7,* kontrolloppgaver fra verdipapirregistre etter § 6–5, livsforsikringspremie, pensjonsforsikringspremie, innskudd etter innskuddspensjonsloven og innskudd i individuell pensjonsavtale (IPA) mv., spare- og fondsinnskudd, tilskudd til forskningsinstitutter mv. og betaling for pass og stell av barn mv. og gaver til selskaper, stiftelser, sammenslutninger eller registreringsenheter etter § 6–6, utbetalinger mv. fra forsikringsselskaper, banker og forvaltningsselskaper for verdipapirfond etter § 6–7, aksjonæroppgaver etter §6–11, oppgaver fra Arbeids- og velferdsetatens innkrevingssentral og Statens innkrevingssentral etter § 6–13 nr. 4, fordelingsoppgaver over inntekter, kostnader og formue i boligselskap som omfattes av skatteloven § 7–3, samt tilsvarende fordelingsoppgaver fra boligsameier, jf. skatteloven § 7–11

IV

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

Endringane under III tek til å gjelde straks med verknad for innrapportering av omsetning frå 1. januar 2009.

# Forslag

## til lov om endring i lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen

I lov 21. desember 1990 nr. 72 om avgift på utslipp av $CO_2$ i petroleumsvirksomhet på kontinentalsokkelen gjer ein følgjande endring:

I

§ 3 skal lyde:

$CO_2$-avgiften kan ikke trekkes fra ved beregningen av produksjonsavgift etter petroleumsloven *§ 4–10.*

II

Endringa under I tek til å gjelde straks.

---

# Forslag

## til lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) gjer ein følgjande endring:

I

§ 23–2 sjuande ledd andre punktum skal lyde:
Bortfallet av avgiftsplikt etter første punktum gjelder bare når slik lønn fra husholdningen ikke overstiger 60000 kroner i inntektsåret.

II

Endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

---

# Forslag
# til lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

I

§ 8–14 fjerde ledd skal lyde:

(4) Ved *realisasjon* av andel i selskap som nevnt i §§ 10–40 og 10–60, som omfattes av § 2–38, til selskap som lignes etter bestemmelsene i §§ 8–10 til 8–20 fra selskap med direkte eller indirekte eierinteresser i det *overtakende* selskapet, skal det foretas et inntektsoppgjør slik at en positiv differanse mellom skattemessig verdi og markedsverdi for andelen på *realisasjontidspunktet* kommer til beskatning i det *overtakende* selskapet. Tilsvarende gjelder når *realisasjonen* skjer fra selskap som slikt selskap har direkte eller indirekte eierinteresser i. Inntektsoppgjør etter dette ledd skal ikke foretas ved *realisasjon* fra selskap som lignes etter bestemmelsene i §§ 8–10 til 8–20.

II

§ 2–38 første ledd bokstav i skal lyde:

*i. europeisk selskap,*

§ 2–38 første ledd ny bokstav j skal lyde:

*j. europeisk samvirkeforetak,*

Noverande § 2–38 første ledd bokstav i blir ny bokstav k.

§ 6–60 første ledd skal lyde:

(1) Skattyter som i minst 130 dager av inntektsåret personlig har drevet eller deltatt i fiske eller fangst på havet eller langs kysten, gis fradrag med inntil 30 prosent av netto arbeidsinntekt av fisket eller fangsten, begrenset til *115 000* kroner.

§ 8–14 femte til sjuande ledd skal lyde:

(5) Inntekt etter tredje ledd skal også fastsettes når *en eiendel* overføres til et selskap innenfor ordningen etter reglene i *§ 11–21. Inntekten* skal skattlegges i det mottakende selskapet i transaksjonsåret.

(6) *Inngår andel i selskap som nevnt i §§ 10–40 eller 10–60 i inntektsoppgjør etter reglene i de tre foregående ledd, og andelen før inntredenen eller realisasjonen er overført ved realisasjon eller uttak fra selskap med direkte eller indirekte eierinteresser i det overtakende selskapet, eller selskap som slikt selskap har direkte eller indirekte eierinteresser i, og eventuell gevinst ved overføringen er fritatt for skatteplikt etter § 2–38, skal inngangsverdien ved inntektsoppgjøret korrigeres ned med en positiv endring i over- eller underpris ved denne overføringen. Dersom andelen er overført mellom flere selskaper som nevnt, og eventuell gevinst ved disse overføringene er fritatt for skatteplikt etter § 2–38, skal inngangsverdien korrigeres ned med en positiv sum av endringer i over- eller underpris ved alle overføringene. Det skal ikke korrigeres for endringer i over- eller underpris ved overføringer som er gjennomført tidligere enn tre inntektsår før året for inntredenen eller realisasjonen.*

(7) Gevinst beregnet etter reglene i de *fire* foregående ledd føres på gevinst- og tapskonto.

Noverande § 8–14 sjuande ledd vert nytt åttande ledd.

III

Endringane under I tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007, likevel slik at inntektsoppgjer etter § 8–14 fjerde ledd skal gjennomførast ved realisasjon av part frå og med 5. oktober 2007.

Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2008.

# Forslag

## til lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

I lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

I

IX.

Tredje ledd skal lyde:

*Endringene under III trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2007.*

Femte ledd skal lyde:

*Endringene under V trer i kraft straks med virkning fra og med inntektsåret 2007, likevel slik at for selskaper som trer ut av ordningen 1. januar 2007, skal § 8–17 gjelde slik den gjaldt for inntektsåret 2006, og slik at inntektsoppgjør etter § 8–14 fjerde ledd skal foretas ved salg av andel fra og med 5. oktober 2007.*

II

X. Overgangsregler. Ved ikrafttredelse av endringene under V §§ 8–14, 8–15 og 8–17 gjelder følgende overgangsregler:

Tredje ledd skal lyde:

*(3) Inntil en tredjedel av gevinst beregnet etter første ledd er fritatt for skatteplikt, så langt et beløp lik 28 prosent av gevinsten brukes til miljøtiltak m.v. Departementet kan gi forskrift om kvalifiserende miljøtiltak m.v. etter foregående punktum, om frist for når kostnadene må være pådratt, og om inntektsføring når miljøtiltak m.v. ikke er gjennomført ved fristens utløp.*

Femte ledd skal lyde:

(5) *Gevinst beregnet etter første ledd, som ikke er beskattet og som ikke er endelig fritatt for skatteplikt,* jf. tredje ledd, skal anses som midlertidig forskjell etter skatteloven § 10–5 annet ledd. Det skal gjøres fradrag for bokført utsatt skatteforpliktelse knyttet til *gevinsten ved beregning av egenkapitalandelen etter skatteloven § 10–5 annet ledd tredje punktum, jf. fjerde punktum.*

Åttande ledd skal lyde:

(8) For selskaper som ikke er lignet etter den særskilte beskatningsordningen i henhold til skatteloven §§ 8–10 til 8–20 for inntektsåret 2006, og som trer inn i ordningen med virkning fra inntektsåret 2007 eller 2008 *eller fra 1. januar 2009*, skal det ved inntektsoppgjøret etter skatteloven § 8–14 tredje ledd legges til grunn regnskapsmessige verdier for driftsmidler og andeler i selskaper som nevnt i *skatteloven* §§ 10–40 og 10–60. *Gevinst* ved *realisasjon eller uttak* av driftsmidler og andeler i selskaper som nevnt i *skatteloven* §§ 10–40 og 10–60, *som ikke omfattes av skatteloven § 2–38*, herunder *realisasjon eller uttak* av driftsmidler fra underliggende selskap som nevnt i skatteloven §§ 10–40 og 10–60, skal være skattepliktig ved realisasjon *eller uttak* innen 3 år etter inntreden. Det samme gjelder urealisert gevinst på driftsmidler og andeler i selskaper som nevnt i skatteloven §§ 10–40 og 10–60, *som ved en tenkt realisasjon ikke ville være omfattet av skatteloven § 2–38*, ved uttreden av rederiskatteordningen innen 3 år. Ved gevinstberegningen skal den verdien som er lagt til grunn ved inntredenbeskatningen utgjøre inngangsverdien. Departementet kan gi forskrift om justering av regnskapsmessige verdier etter første punktum. Departementet kan også gi nærmere regler om beskatning ved realisasjon, *uttak* eller uttreden etter annet, *tredje og fjerde* punktum.

III

Endringane under I tek til å gjelde straks. Endringane under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

MILJØMERKET 241 491
Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen. Mai 2008